

Kartverket

ÅRSMELDING 2019

Glimt

frå 2019



Mange lét seg begeistre av aprilspøken i år, og kanskje blir klemme-symbolet ein del av den offisielle symbolpakka til Kartverket. Det var friluftsmagasinet UTE, som hadde regien på årets aprilsnarr. Kartverket og fleire andre var med på initiativet til denne litt morosame aprilspøken.



Johnny Welle vart i statsråd 22. november 2019 tilsett som direktør for Kartverket i eit åremål på seks år. Han byrjar i stillinga 1. april 2020. Her til høgre i biletet, saman med ekspedisjonssjef Jarle Jensen, avdelingsdirektør Guro Voss-Gabrielsen frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet og kartverkssjef Anne Cathrine Frøstrup.



Marine grunnkart i kystsonen hadde oppstartsmøte i regi av Kommunal- og moderniseringsdepartementet 22. november. Her er eit knippe nøkkel-personell frå Kartverket, Havforskningsinstituttet (HI) og Noregs Geologiske Undersøking (NGU)



Kartverket og matrikkelen har spelt ei nøkkelrolle i valet, der alle innbyggjarar skulle stemme i dei kommunane og fylka som er gjeldande frå 1. januar 2020. Her er prosjekt-leiar Carina Tolpinrud Jøntvedt (til venstre), Kristian Grov, Ole Jakob Strømmen, Marianne Pedersen og Liv Mari Nesje.



På nyåret var det kakefeiring i heile Kartverket etter at alle leveransane frå Kartverket til kommune- og regionreformene gjekk som planlagt.



To observasjonsbøker frå 1779–1780 vart funne i ein safe og dukka overraskande opp i Kartverket i mai.




Kartografiseksjonen i Kartverket har laga Noregs beste papirkart – og fekk heider og ære for det under Geomatikkdagane i mars.



I 2019 har vi gjort litt ekstra innsats for å skape merksemd rundt Kartverket på Instagram. Mange har brukt emneknaggen

#altskjeretsted

og delt flotte friluft- og utandørsbilete frå heile Noreg.




INNHOLD

I	Leiarens fråsegn	s 5
II	Introduksjon til verksemda og hovudtal	s 9
III	Årets aktivitetar og resultat	s 14
IV	Styring og kontroll i verksemda	s 44
V	Vurdering av framtidssutsikter	s 52
VI	Årsrekneskap	s 57



VEDLEGG:

- Overordnet ROS analyse
- Likestilling
- Kartverket sin sikkerhetstilstand for 2019
- Status handlingsplan geodatastrategi



DEL I LEIARENS FRÅSEGN



- Brukarperspektiv
- Digitalisering
- Samhandling

Desse tre stikkorda har vore berebjar for Kartverket i 2019. Alt arbeidet vårt er tufta på dette og ligg til grunn for den reviderte strategiplanen i 2019. God, dagleg drift er avgjerande for at vi også maktar å nå våre særskilte mål, utviklar oss og gjennomfører endringsprosjekt. I 2019 nådde vi alle vesentlege mål som vart sette av eigaren vår, Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Høgdepunkt

Av høgdepunkt frå 2019 vil eg først og fremst nemne Kartverket sitt arbeid med kommune- og regionreforma. Denne politiske avgjerda betydde at store delar av Noreg sine grenser og eigedomar måtte redefineras og omregulerast. Noregskartet endra seg. Kartverket gjennomførte i 2019 to store prosjekt her. Det eine var rolla vår som teknisk koordinator for samhandlinga mellom statlege etatar og mellom statlege etatar vis-a-vis kommunane. Denne rolla kunne vi ta på oss fordi vi visste kor mykje integreringsarbeid som måtte til på IT-teknisk side mellom desse aktørane for at reforma skulle lukkast. Den andre rolla var endringane vi måtte gjere i eigne system (matrikkel og grunnbok). I tillegg til den jobben Kartverket gjorde med matrikkelen, kravde det også ein stor innsats frå kommunane. Dersom Kartverket sine eigedomsdata frå matrikkel og grunnbok ikkje var oppdaterte frå 1.1.2020, ville kommunane, statlege aktørar og det private næringslivet bli hemma. I tillegg måtte vi sikre at sentrale kartdata og andre leveransar Kartverket har ansvaret for, var oppdaterte.

Prosjektet med oppdatering av matrikkel og grunnbok var spesielt omfattande og krevjande, ikkje minst fordi mange aktørar måtte gjere endringar i systema sine parallelt. Prosjektet kravde mykje intern innsats og nær samhandling mellom fleire einingar i Kartverket. Ein tett, god og føreseieleg dialog med brukarane undervegs var heilt avgjerande.

Trass i god planlegging var det eit prosjekt med stor risiko. Det var stor glede blant alle involverte då vi 1. januar 2020 kunne konkludere med stor suksess på alle hald. Kartverket har i ettertid fått mange godord for innsatsen.

Målingar av havbotnen er grunnleggjande for å lage gode sjøkart. Kartverket syter for dette, både langs norskekysten og rundt Svalbard. Vi har sett at djupnemålingar også gjev avgjerande kunnskap som dannar faktagrunnlag for alt frå hav- og klimaforskning til kunnskap om utnytting av dei indre kystområda til næringsføremål. Dette gjev store samfunnsøkonomiske vinstar. Det var svært gledeleg då Stortinget hausten 2019 løyvde midlar til pilotprosjektet marine grunnkart i kystsonen, som vi startar opp i 2020 saman med Havforskningsinstituttet og Noregs geologiske undersøking. Godt grunnarbeid ligg bak.

Matrikkelen er definert som ein av dei sju felleskomponentane. Matrikkelen er register over alle

eigedomar, bygningar og adresser i Noreg. Svært mange offentlege og private aktørar er avhengige av gode matrikkeldata. Det var ein milepåle då matrikkelen vart ferdig digitalisert i 2010. I løpet av desse åra har det likevel vorte peikt på at matrikkelen bør betre kvaliteten sin. Ulike brukarar har peikt på ulike behov for oppgradering. Kartverket tok derfor, saman med KMD, initiativ til ein samfunnsøkonomisk analyse for å kunne utarbeide ein plan for oppgradering av matrikkelen. Denne planen, som er godt forankra i dialog med brukarane, blir no lagd til grunn for det vidare moderniseringsarbeidet. Kartverket sette stor pris på at Stortinget støt opp om dette arbeidet ved å løyve 30 millionar kroner ekstra pr. år frå 2020.

Viktig arbeid som er i gang

Geodatastrategien vart lansert i 2018. Han blir følgd opp av ein handlingsplan der mange ulike etatar er involverte. Kartverket er sekretariat i dette arbeidet gjennom vår rolle som geodatakoordinator. Gjennom handlingsplanar bind dei ulike aktørane seg til samarbeid på tvers for å løyse nasjonale behov.

Arbeidet med å fullføre den nye nasjonale høgdemodellen går også etter planen. Denne er også etablert som eit spleiselag mellom ulike statlege organ med Kartverket som sekretariat og pådrivar, som ledd i vår rolle som geodatakoordinator.

Kartverket har bygd eit nytt og moderne jordobservatorie i Ny-Ålesund på Svalbard. Dette vil bli eit vesentleg bidrag frå Noreg til det internasjonale og FN-støtta arbeidet. Observatoriet blir eit fundament for ytterlegare presis observasjon av effektane av klimaendringane, som havnivåendringar, ishavsmelting og generell massebalanse på jorda. Observatoriet legg også grunnlaget for auka norsk utnytting av europeiske satellittprogram som Galileo og Copernicus. I 2019 har det dessverre vore noko forseinka framdrift bl.a. på grunn av manglande leveransar frå NASA.

Vi ser oss også svært tilfredse med at formidlinga av data via portalen Geonorge aukar.

Kartverket arbeider kontinuerleg med auka grad av tryggleik på alle område, både fysisk sikring, personaltryggleik og IT-tryggleik. Vi arbeider i eit langsiktig og omfattande prosjekt som vi kallar «Sikkerhet 2021», og vi merkar oss tilfreds at det ikkje har vore nokon alvorlige tryggleikstruande hendingar i 2019.

Vi arbeider no med å utvikle ein eigedomsportal for elektronisk tinglysing for mindre aktørar og private. Føremålet er å gjere eigedomshandel endå enklare og raskare for fleire brukarar. Vidareutvikling av elektronisk tinglysing skjer i tett samarbeid med Altinn, Bits, Finans Norge, Eiendom Norge og Advokatforeningen. Vi sette stor pris på at dåverande digitaliseringsstatsråd Nicolay Astrup besøkte Kartverket for å få nærare orientering om dette arbeidet.

Det blir arbeid grundig og med eit sentralt brukarperspektiv for å forbetre formidlinga og tilrettelegging av vår hydrografiske infrastruktur, med andre ord dei marine og maritime datasetta våre. Det var særst nyttig med råda vi fekk frå Digitaliseringsrådet om korleis moderniseringsprosjektet kan riggast.

Eg vil også nemne at vi har byrja å lage ny ekstern nettside, kartverket.no, som skal gje enklare tilgang til våre data og tenester og tilfredsstillende nye krav og forventningar til blant anna universell utforming og klart språk.

Interne forhold

Først vil eg nemne den gode økonomiske styringa i Kartverket i 2019. Vi har i fleire år arbeid med å forbetre økonomistyringa, og det er gledeleg å notere seg at vi klarte å utnytte dei tildelte ressursane våre optimalt, samtidig som vi nådde måla våre.

Dei økonomiske rammevilkåra var meir krevjande i 2019 enn i 2018. Dette tvinga fram tydelegare prioriteringar. Vi leverer godt på det som er viktigast, og må i større grad nedprioritere enkelte oppgåver. Sjølv om dette kan vere krevjande for dyktige fagpersonar som ønskjer meir gjort innanfor sine område, vil det venteleg vere nødvendig med ytterlegare og tydelegare prioriteringar i tida som kjem. Den økonomiske situasjonen er forventa å bli meir krevjande for statlege verksemdar, Kartverket inkludert.

Kartverket har i stor grad bunde opp ressursane sine i husleige og løns- og personalkostnader. Vi har behov for å styrkje vårt økonomiske handlingsrom. Kartverket fekk derfor Oslo Economics til å lage ein «strategisk rapport» der mandatet var å finne innsparingstiltak for å auke Kartverket si økonomiske evne til vidareutvikling. Dei ulike forslaga er vurderte og blir no behandla vidare på ulik måte i 2020.

I tillegg praktiserer vi ein restriktiv tilsetjingspolitikk, og vi har ein framforhandla avtale med organisasjonane om at vi fortrinnsvis skal kunngjere stillingar internt.

Vi har hatt medarbeidarundersøking i 2019, og det er gledeleg at over 80 prosent av dei tilsette trivst

i jobben i Kartverket. Sett i samanheng med eit sjukefråvær på 5,16 prosent tyder det at Kartverket er ein god arbeidsplass for dei fleste som jobbar her.

Fleire einingar har hatt omorganiseringsprosessar i 2019 og det blir sett i verk fleire endringar med verknad frå 1.1.2020.

Siste årsmelding frå denne kartverkssjefen


Eg tok til som kartverkssjef 1. april 2008, og fekk forlenga åremålet mitt ytterlegare seks år i 2014. Etter 12 år takkar eg for meg. Ny kartverkssjef, Johnny Welle, tiltrer 1. april 2020.

Då eg søkte stillinga, var det med eit ønske om at Kartverket skulle bli meir synleg utetter for alt det Kartverket leverer og står for, og at vi skulle bli meir tydeleg og relevant som samarbeidspartnar med andre. Dette gjaldt både innanfor det etablerte geodataområdet og på andre område. Mitt mål har vore at Kartverket sine data i større grad skulle brukast. Det var også mi meining at Kartverket burde bli meir einskapleg både innetter og utetter. Det er derfor gledeleg at vi opplever at Kartverket sine data no er endå meir relevante og endå meir etterspurte. 75 prosent av befolkninga i Noreg har kjennskap til Kartverket, og vi konstaterer at Kartverket stadig i større grad lukkast i å samarbeide på tvers internt og står fram meir einskapleg utetter.

Det er eit fantastisk lagarbeid som har bidrege til å skape og utvikle Kartverket. Alt har vore og er til nytte for samfunnet. Ein stor takk til alle medarbeidarar som har arbeid i Kartverket i perioden frå 2008 og fram til no for kva vi har fått til og kva vi har skapt saman. Ikkje minst ein særst takk til alle tillitsvalde som har hatt god rolleforståing og bidrege konstruktivt. Det har også vore eit utmerka og profesjonelt samarbeid med eigardepartementet vårt, Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Det er med stoltheit og glede over kva vi i Kartverket har fått til saman i desse åra eg overlèt roret til ny leiar, som skal ta Kartverket vidare inn i vår digitale framtid. Kartverket si historie starta i 1773, måtte Kartverket leve i minst nye 247 år!

Anne Cathrine Frøstrup

Anne Cathrine Frøstrup
Kartverkssjef



DEL II INTRODUKSJON TIL VERKSEMDA OG HOVUDTAL

Samfunnsoppdraget

Kartverket er eit statleg forvaltningsorgan underlagt Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD), som i samarbeid med kommunane og statlege etatar forvaltar og vidareutviklar den nasjonale infrastrukturen for geografisk informasjon.

Kjerneverdiane til Kartverket er inkluderande, kompetent, open, påliteleg og engasjert. Kartverket sin visjon «Det nye landskapet» opnar opp for moglegheiter i den nye framtida. Kartverket skal inn i. Vi skal saman med andre gjenskape røynda i digital form og skape det nye digitale landskapet.

Kartverket samlar inn, systematiserer, forvaltar og vidareformidlar offentleg stadfesta informasjon. Kartverket er nasjonal geodatakoordinator i samsvar med geodatalova. Dette vil mellom anna seie at Kartverket har ansvaret for å levere:

- **Nasjonalt geodetisk grunnlag:** Kartverket har ansvar for stadfestingsgrunnlaget som kart- og oppmålingsarbeidet i Noreg byggjer på.
- **Posisjonstenester:** Tenester som fastset nøyaktig, satellittbasert posisjon.
- **Digitale kart:** Kartverket produserer og forvaltar nasjonale digitale kartseriar (land- og sjøkart).
- **Tinglysing:** Tinglysing i fast eigedom og delar i burettslag.
- **Eigedomsinformasjon:** Kartverket driftar dei nasjonale registra for offentleg eigedomsinformasjon (matrikkelen og grunnboka).
- **Stadnamn:** Forvaltar det sentrale stadnamnregisteret (SSR).
- **Standardar:** Nasjonale standardar for kart og geografisk informasjon.
- **Elektronisk sjøkartteneste:** Driftar den internasjonale elektroniske sjøkarttenesta Primar.

Organisasjon og leiing


Kartverket har rundt 890 tilsette og er organisert i divisjonane geodesi, land, sjø og eigedom. I tillegg til desse fire har vi fire andre resultateiningar: IT, tenestene samla, HR og kartverkstaben¹.

Øvste leiar for Kartverket er kartverkssjef Anne Cathrine Frøstrup.

Hovudkontoret til Kartverket ligg på Hønefoss. Vi har i tillegg 10 fylkeskartkontor, sjødivisjonen i Stavanger, tinglysing av burettslagsdelar og kundesenter for heile Kartverket i Ullensvang i Hardanger, og eit jordobservatorium i Ny-Ålesund på Svalbard.

I toppleiinga til Kartverket er det visse endringar i 2019. Assisterande kartverkssjef slutta i februar 2019 og denne rolla er ikkje erstatta. Oppgåvene vart i hovudsak overtekne av leiar for tenester og stab. HR-direktør er no ein del av leiargruppa, og det same er leiar for tenester og stab.

¹ HR vart skilt ut som eiga resultateining i 2019. Frå 1.1.2020 er tenestene og kartverksstab erstatta av ny eining; strategi og verksemdsstyring



Leiargruppa i Kartverket har i 2019 bestått av:



Anne Cathrine Frøstrup
Kartverkssjef



Olav Petter Aarrestad
IT-direktør



Reidun Kittelsrud
Direktør stab / tenester



Hans Petter Karlsen
Direktør HR



Ole Magnus Grønli
Kommunikasjonsdirektør



Per Erik Opseth
Direktør geodesi



Erik Perstuen
Direktør land



Birte Noer Borrevik
Direktør sjø



Turid Ellingsen
Direktør eigedom

Presentasjon av utvalgte hovedtall

Nøkkeltal frå rekneskapan for dei siste tre åra

Beløp i 1 000 kr

	2019	2018	2017
1 Talet på tilsette	878	908	941
2 Talet på avtalte årsverk	828	853	885
3 Talet på utførte årsverk	769	793	832
4 Lønnskostnader per utførte årsverk	809	784	697
5 Delen løn av driftskostnader	46,7 %	46,1 %	44,7 %
6 Sum driftskostnader	1 331 933	1 347 796	1 297 956
7 Sum driftsinntekter	1 332 163	1 346 614	1 280 201
8 Årleg disponibel utgiftsløyving (samla tildeling) (kap. 595, post 01 og 21)	1 309 315	1 291 786	1 243 502
9 Utnyttingsgrad (kap. 595, post 01 og 21)	99,4 %	95,5 %	101,0 %
10 Årlege inntekter (samla inntektskrav) (kap. 3595, post 01, 02 og 03)	869 646	843 370	818 683
11 Innfridd inntektskrav (kap. 3595, post 02 og 03)	102,6 %	101,0 %	118,0 %

Kommentarar til nøkkeltalet:

1. Statistisk sentralbyrå (SSB) sin statistikk «12623: Ansatte i staten, etter enhet» er brukt som kjelde, jf. PM-2019-13 og rettleiing frå DFØ.

2. Statistisk sentralbyrå (SSB) sin statistikk «12623: Ansatte i staten, etter enhet» er brukt som kjelde, jf. PM-2019-13 og rettleiing frå DFØ.

3. Ny metode for berekning av utførte årsverk er teken i bruk frå 2018. I årsmeldinga for 2019 blir årsverk og tilsette rapportert i samsvar med PM-2019-13, jf R-114 / 2019. Sjå meir omtale i del IV.

4. Lønnskostnader auka med 25 000 kroner per årsverk frå 2018 til 2019. Dette skriv seg i all hovudsak frå generell lønsvekst.

5. Lønssdelen av driftskostnaden er på nivå med fjoråret. Han har berre auka med 0,6 prosentpoeng frå 2018 til 2019. Lønnskostnadene totalt er på nivå med fjoråret.

6. Sum driftskostnader er redusert med 15,9 mill. kroner frå 2018 til 2019. Forklaring til endringa går fram av del III og VI.

7. Kartverket har driftsinntekter knytte til inntekter frå løyvingar, gebyrinntekter, sal og samfinansiering. Dette nøkkeltalet er ikkje ein del av dei seks obligatoriske, jf. verksemds- og økonomiinstruks for Kartverket av 21.04.2017, men er teke med for å gje ein samanheng med nøkkeltalet driftskostnader. Frå 2018 til 2019 er driftsinntektene redusert med 14,5 mill. kroner. Gebyrinntektene har auka med 20,4 mill. kroner, medan det er ein nedgang i inntekter frå løyvingar med 9,5 mill. kroner og reduserte sals- og leigeinntekter med 25,6 mill. kroner. Samfinansieringsinntekter, som er ein del av sals- og leigeinntekter, viser ein reduksjon på 83,1 mill. kroner samanlikna med 2018, og knytter seg til Primar. Andre sals- og leigeinntekter har auka med 57,5 mill. kroner frå 2018 til 2019.

8. Årleg disponibel utgiftsløyving består av årets tildeling inkludert overføringar og andre justeringar gjevne i tillegg til tildelingsbrevet (samla tildeling). I tabellen er ikkje tildelinga på kap. 595, post 30 Nytt geodesiobservatorium teke med. Denne var i 2019 på 53,2 mill. kroner. Belastningsfullmakter frå andre departement kjem i tillegg til utgiftsløyvinga.

9. Utnyttingsgraden er på 99,4 % mot 95,5 % i 2018. Kartverket har gjennom 2019 hatt stor merksemd om økonomi og økonomistyring for best mogleg utnytting av tildelte rammer.

10. Årlege inntekter på kap. 3595 viser inntektskravet til Kartverket frå tildelingsbrevet på kap. 3595, postane 01, 02 og 03. Kartverket har meirinntektsfullmakt på kap. 3595, postane 02 og 03 som kan brukast til å auka utgiftsramma på kap. 595, postane 01 og 21. Auka inntektskrav i 2019 samanlikna med 2018 heng saman med auka utgiftsramme. Dette nøkkeltalet er ikkje ein del av dei seks obligatoriske, jf. verksemds- og økonomiinstruks for Kartverket av 21.04.2017, men er teke med for å vise utnyttinga av årleg disponibel løyving.

11. Innfridd inntektskrav er på 102,6 %, mot 101 % i 2018. På kap.post 3595.02 Sal og abonnement har Kartverket meirinntekter på 8,8 mill. kroner, medan kap.post 3595.03 Samfinansiering viser ei mindreinntekt ift. inntektskravet på 1,6 mill. kroner. Dette nøkkeltalet er ikkje ein del av dei seks obligatoriske, jf. verksemds- og økonomiinstruks for Kartverket av 21.04.2017, men er teke med for å vise at årlege inntekter er oppnådd jf. inntektskravet i tildelingsbrevet.

Nærare forklaringar og meir detaljar om desse nøkkeltala finst i del III og VI.

Presentasjon av volumtal for dei tre siste åra, status per 31.12.

	2019	2018	2017
1 Delen av fastlandsarealet dekt med detaljerte høgde- og terrengdata	71,5 %	56 %	42 %
2 Talet på cache-oppslag per år for kartdata (tal i milliardar)	10,9	8,7	7,2
3 Eigedomar med vegadresser (del i prosent av totalen)	96 %	94 %	92 %
4 Prosentvis del av panteboka som er digitalisert	91,0 %	88,4 %	83,5 %
5 Delen av tinglyste dokument med saksbehandling under 2 dagar	99,0 %	99,0 %	97,7 %
6 Gjennomsnittleg svartid på tinglysingsaker for kundesenteret (sek.)	89	87	77
7 Delen feil i tinglysingsaker	0,3 %	0,3 %	0,4 %
8 Prosentvis del av dokument som blir tinglyste elektronisk	42 %	38 %	33 %
9 Gjennomløpstid frå sjømåling til tilgjengeleggjering av djupnedata (år)	4,7	4,8	3,1
10 Talet på nye brukarar av posisjoneringstenesta CPOS	126	819	355
11 Sjøareal målt med moderne målemetodar	37,3 %	36,4 %	35,3 %

Kommentarar til volumtal:

- Når det gjeld volumtal nr. 10. Dette er netttotal. Sjå meir omtale seinare i del III
- Når det gjeld volumtal nr. 11. Full skildring er: «Prosentvis kor mykje av arealet langs norskekysten (djupn 0–20 m) som er målt med moderne målemetodar».

Dei fleste av desse volumtala er meir omtalte i del III i årsmeldinga.



kartverket_insta INSTA TAKEOVER! Hei! Jeg heter Karoline Skaar og har tatt over Insta'n til Kartverket denne uka 🙌 Jeg er på feltarbeid og måler tyngdekraften. Følg med på stories, så får du oppdatering på hvor vi er og hvorfor vi måler tyngdekraften.

#altskjeretsted #feltarbeid #kartverket #tyngdekraften #instatakeover

kartverket_insta



17. SEPTEMBER 2019



DEL III ÅRETS AKTIVITETAR OG RESULTAT



kartverket_insta Signalpunkt for flyfotografering av Stavanger. Punktet blir brukt til å plassere flyfoto i riktig høyde og posisjon i terrenget.

@stavangerkommune
#altskjeretsted #flyfoto #stavanger #rogaland
#geodata #geonorge

kartverket_insta



11. MARS 2019

Kartverket blir følgt opp på totalt 8 styringsparametrar og 15 oppdrag i tildelingsbrevet for 2019, attåt 9 konkrete føringar. Etter Verksemds- og økonomiinstruks for Statens kartverk skal del III i årsmeldinga innehalde ei utgreiing for, analyse og vurdering av resultat i høve til krav fastsett i tildelingsbrev og eventuelle andre brev.

Del III byrjar derfor med ein kortfatta statusrapport på styringsparametrar, oppdrag og føringar i høve til strukturen i pkt. 3 i tildelingsbrevet.

Deretter kjem ei nærare utgreiing, analyse og vurdering på utvalde område, der vi mellom anna går inn på vesentlege tilhøve i løpet av året som har noko å seie for departementet si styring og oppfølging, og føringar gjevne i punkt 4 og 5 i tildelingsbrevet.

Vidare omtalar vi også:

- Gjennomførte evalueringar
- Omfanget av innkrevjing av dokumentavgift og tinglysingsgebyr (talet på rettsstiftingar)
- Oppstilling av relevante kostnader sett opp mot staten sine gebyrinntekter frå tinglysing
- Utgreiing om, analyse og vurdering av ressursbruk, medrekna oversikt over gjennomførte investeringar med kommentarar
- Ei samla vurdering av måloppnåing i høve til samfunnsoppdraget og rekneskapsåret totalt

Vi viser også ei oversikt over dei oppgåvene som er komne til i løpet av året, gjennom tillegg til tildelingsbrev og andre bestillingar.

Målområde 1: Oppdaterte grunnkartdata for norske land- og sjøområde

STYRINGSPARAMETER	STATUS
I større grad la samfunnsnytte og langsiktige brukarbehov styre sjømåling av areal langs norskekysten, og tilhøyrande tilgjengeleggjering av djupne-data, jf. oppdrag nr. 1.	Det vart i 2019 målt totalt 653,5 km ² langs norskekysten. Det er noko høgare enn i 2018, og fordeler seg i hovudsak på område på Nordre Sunnmøre, Skjervøy og i Oslofjorden. Totalt er no 71 % av norskekysten innanfor 1 nautisk mil utanfor grunnlinja dekt med moderne målingar. Dette er ein auke på 0,4 % samanlikna med 2018. For intervallet 0–20 m, som er det viktigaste området for navigasjonstryggleiken, er dekninga på 37,4 %, noko som er ein auke på 0,9 % sidan 2018. (jf. volumtal i del II). Dette er ein ganske vidtrekkjande styringsparameter, også med ein viss overlapp med oppdrag 1. Vi har internt valt å identifisere fem underliggjande indikatorar som ikkje gjeld sjølve sjømålinga. Dette dreier seg primært om prosessering og tilgjengeleggjering. Her har resultatet vore som forventa og planlagt.
Halde framdrifta i prosjektet for vidare utvikling av geodetisk jordobservatorium i Ny-Ålesund og bidra til betre internasjonale rammevilkår.	Det har vore tekniske utfordringar som påverkar planlagt oppstart av parallellkøyring av gammal og ny antenne. Den eine nye antenne har gått i test-drift sidan juli 2019, men fungerer framleis ikkje stabilt nok. Når det gjeld satellittavstandsmålar med laser (SLR – Satellite Laser Ranging), melde NASA våren 2019 ei forseinking på eit og eit halvt år som følgje av utfordringar med ein av underleverandørane. Dette medfører at SLR no ikkje ser ut til å vere operativ i Ny-Ålesund før i 2024. Dette vil sjølvstøtt påverke avslutninga av prosjektet. Sjå meir seinare i del III. Siste delen av styringsparameteren handlar om «bidra til betre internasjonale rammevilkår.» Dette dreier seg meir konkret om å jobbe for å få etablert nødvendig VGOS korrelasjonskapasitet internasjonalt slik at VLBI-data frå breibandsantennene i Ny-Ålesund kan bidra til å forbetre den globale referanseramma (VGOS – VLBI global observing system). FN sin ekspertkomité for global geografisk informasjon gav på årsmøtet i august sin underkomité for geodesi klarsignal til å jobbe vidare med å etablere eit globalt geodetisk «Centre og Excellence». Eit slikt senter vil kunne bidra til å få på plass VGOS korrelasjon raskare, og vi har saman med europeiske partnerar søkt Horizon2020 om midlar til utvikling av ein europeisk breibands korrelator.
Auke delen av fastlandsarealet dekt med detaljerte høgdedata, basert på laserskanning og biletmatching.	Datafangstarbeidet starta litt dårleg på grunn av vêret i mai/juni, men det er svært gode resultat frå juli. Ved årsslutt er det tilgjengeleg 231 500 km ² godkjent areal med detaljerte høgdedata i forvaltningsløyninga for høgdedata. Det er omtrent etter planen. Leverandøren Terratec har også skanna store mengder som er på lager ved årsskiftet. Dei totalt 32 mill. kr. i framskunda finansiering gjevne i 2018 og 2019 reduserer risikoen for prosjektet. Det er framleis krevjande å etablere ein fullstendig vinstrealiseringsplan, primært fordi det er vanskeleg å få konkrete bidrag (forpliktingar) frå dei statlege verksemdene som prosjektet vedkjem.

STYRINGSPARAMETER	STATUS
Bidra til ein nasjonal geografisk infrastruktur i tråd med Geodatastrategien og handlingsplan.	Det er utarbeidd ein eigen statusrapport for alle 29 tiltak i handlingsplanen. Denne følgjer vedlagt. Det er noko variert status. Vår vurdering av status på dei einskilde tiltaka i forhold til plan, viser ei fordeling med 8 stk. i raud kategori, 10 stk. i gul og 11 stk. i grøn. På Kartverket sine 16 eigne tiltak er status høvesvis 5, 3 og 8. På slutten av 2019 er det frå Kartverket si side teke initiativ til ein revisjon av handlingsplanen, som inkluderer revisjon av eksisterande tiltak og innspel til nye tiltak. Vurderinga vår er at det er føremålstenleg med to kategoriar A) fellestiltak B) sektortiltak.
OPPDRAG	STATUS
1. Prioritere sjømåling av dei viktigaste hamnene og farleier i samarbeid med Kystverket, og definere krav til datakvalitet i dei aktuelle områda. Frist: 31.12.2019	Dette er direkte knytt til Kystverket sitt ruteprosjekt, som i 2019 har følgt kysten frå Oslofjorden, sørover langs sørlandskysten og opp til og med Hordaland. Alle 10 ENC-celler i beste skala i Oslofjorden vart leverte 4 månader før fristen (ENC- offisielle elektroniske sjøkart). Det er lagt planar for vidare sjømåling i dette området, og det operative arbeidet starta i november. Vi har definert krav til datakvalitet. Oversikt over viktigaste hamner mv. er ikkje open tilgjengeleg for ålmenta, men er eit internt arbeidsdokument for Kartverket og Kystverket.
2. Setje i gang prosjekt for oppgradering og forbetring av Nasjonalt register for luftfartshindre (NRL) i tråd med forprosjektplan og avtale mellom KMD og Samferdselsdepartementet. Frist: 30.4.2019.	Prosjekt «NRL Utvikling» vart sett i gang i 1. tertial. Det første møtet i referansegruppa vart halde i juni. Hovudtema var gjennomgang og drøfting av prosjektplanen. Denne fekk full støtte og blir lagd til grunn for den vidare gjennomføringa. Arbeidet med systemarkitektur vart starta på i september, noko forseinka. Arbeidet har gått føre seg for fullt i 3. tertial, men vil ikkje kunne ferdigstillast før i 1. tertial 2020. Dette vil også seie at ei nærare vurdering av kostnadssida i prosjektet som heilskap, blir forskuva inntil dette arbeidet er fullført og aktuelle investeringar og utviklingskostnader kan stipulerast betre. Luftfartstilsynet har på oppmoding frå Kartverket, utsett iverksetjing av ny forskrift frå planlagt 1. januar til våren 2020.
12. Gjennomføre ei tilleggsutgreiing av konsekvensar for Kartverket dersom drifta av Kartverket sitt sjømålingsfartøy blir overført frå Kartverket til anna reiarlagsdrift, anten eit felles statleg reiarlag eller til reiarlagsdrift tilhøyrande annan statleg etat. Frist 19.6.2019 Gjeve gjennom tillegg til tildelingsbrev nr. 3 datert 5. april 2019.	Det vart brukt ekstern konsulentbistand, og rapporten vart levert til KMD i tråd med fristen. Oppdraget er utført til avtalt tid og kostnad. Den overordna konklusjonen er at overføring av mannskap og drift av skip og målebåtar til eit statleg reiarlag kan gje ei løysing som er like god eller betre enn dagens situasjon. Det same gjeld for ei løysing som i tillegg overfører eigarskap av skip og båtar. Det kan gje økonomiske stordriftsfordelar, redusere behovet for nyinvesteringar og gje høve for å nytte best tilpassa teknologi og operasjonell fleksibilitet. Den vidare behandlinga av denne utgreiinga resulterte i nytt oppdrag 14 som skildra nedanfor.
14. Kartverket skal, saman med Havforskningsinstituttet, utarbeide eit felles forslag til korleis ei eventuell overføring av MS Hydrograf og Kartverket sine målebåtar til reiarlagsdrifta ved Havforskningsinstituttet kan gjennomførast. Frist 20.12.2019 Gjeve gjennom tillegg til tildelingsbrev nr. 7 datert 28. oktober 2019.	Rapporten vart overlevert i samsvar med avtalt tidsfrist. Tilrådinga i rapporten er at drifta av Hydrograf og målebåtene (minus Anda som er Kystverket sin eigedom) blir overført til HIs reiarlag.

OK

MINDRE AVVIK

AVVIK

OPPDRAG	STATUS
<p>Universell utforming (uu). 1,0 mill. kroner skal brukast til vidareføring av prosjektet med «Kartlegging av uteområde – kommunesenter og friluftsområde», medan 1,0 mill. kroner skal brukast til prosjektet «Drift og vidareutvikling av datasett tilgjenge for uteområde». Formidling av metodikken er ein viktig del av oppdraget.</p>	<p>Vidareføring av prosjektet med «Kartlegging av uteområde – kommunesenter og friluftsområde»: Søknadsrunden for tildeling av midlar til kartlegging vart avslutta i april og 1,0 mill. kr vart tildelt 16 kommunar, 2 friluftsråd og 2 fylkeskommunar. Kursing vart gjennomført i juni, og sjølve kartlegginga i løpet av sommar og haust. Alle har slutført og rapportert prosjektet sitt.</p> <p>«Drift og vidareutvikling av datasett tilgjenge for uteområde»: Utvikling av nytt API for oppdatering av uu-data i Sentral felles kart-database (SFKB) er sett i gang. Testing av det nye API-et har vorte gjennomført med positiv resultat. Det er utarbeidd ein detaljert kravspesifikasjon for ein ny app/klient som skal leggast ut til offentlig anbod i starten av januar. Vidare plan er at denne blir sett i drift sommaren 2020.</p> <p>Formidling av metodikken er ein viktig del av oppdraget: Kartverket har presentert prosjektet på internasjonale konferansar i Malaga og Tel-Aviv. I Noreg var Kartverket med og presenterte på KS samlingar i Tromsø og Stavanger i september, og i Oslo i oktober. Resultat frå kartlegginga i år vart lagt ut på ein oppdatert statistikk via Geonorge for kvar kommune/fylke. Det vart i tillegg utarbeidd ein skreddarsydd statistikk på oppdrag frå Barne- og likestillingsdepartementet (BLD).</p> <p>Samla sett er det eit mindreforbruk på snautt 0,4 mill. kr som er gjort greie for seinare i del III.</p>

Målområde 2: Forsvarleg og effektiv tinglysing og matrikkel med god kvalitet

STYRINGSPARAMETER	STATUS
<p>Halde ved lag låg tidsbruk og god kvalitet på saksbehandlinga for tinglysing og auke digitaliseringsgraden for elektronisk tinglysing.</p>	<p>Dette har gått svært bra i 2019. 99 % av sakene er behandla i løpet av to dagar. Vi held samtidig ved lag gode resultat på interne kvalitetsmål. Digitaliseringsgraden auka frå gjennomsnittleg 37,5 % i 2018 til gjennomsnittleg 41,9 % i 2019. Sjå meir omtale seinare i del III.</p>
<p>Auke kvaliteten på matrikkelen og sikre at denne held eit forsvarleg teknologisk nivå og kommuniserer godt som nasjonal felleskomponent, jf. oppdrag 3 og 4.</p>	<p>På teknisk side vart versjon 3.15 av matrikkelen produksjonssett 28. mai. Arbeidet med teknisk gjeld har i all hovudsak gått etter plan. Når det gjeld kvalitet i matrikkelen, har hovudaktiviteten i 2019 vore å utarbeide ein forenkla samfunnsøkonomisk analyse. Denne vart ferdigstilt tidlig i 3. tertial, og vil vere eit viktig bidrag i å definere ein meir konkret handlingsplan for å betre datakvalitet i matrikkelen. Denne viser at vi må gjere grundigare analyse av bruk og vinst før vi kan lage endeleg datakvalitetsstrategi.</p>

OPPDRAG	STATUS
<p>3. Førebu gjennomføringa av vedtekne endringar i matrikkellova, medrekna å hjelpe departementet i å utarbeide høyringsnotat om endringar i forskrifter og systemendringar. Frist: 31.12.2019</p>	<p>Vi har planlagt utviklingsarbeid i samband med endringar i matrikkellova. Vi har delteke i to arbeidsgrupper; «endringar i matrikkellov og forskrift» og «autorisasjon av landmålarar». Vidare har vi systematisert høyringsinnspel og kome med tilrådingar i samband med bygningsstrategien.</p>
<p>4. Gjennom masterplan for matrikkel etablere eit fleirårig kvalitetshevingsarbeid i samarbeid med aktuelle aktørar. Frist: 30.4.2019.</p>	<p>Prosjekt «Masterplan Matrikkel» vart etablert i 1. tertial. Det har vore gjennomført fem møte i referansegruppa (aktuelle aktørar). Den samfunnsøkonomiske analysen, som omtalt i styringsparameter ovanfor, blir eit sentralt dokument for det vidare arbeidet med kvalitetsheving. Dei tilrådde tiltaka frå analysen vart drøfta i etatsmøte 15.10.2019.</p>

Målområde 3: Effektiv tilgang til og bruk av kart og eigedomsinformasjon

STYRINGSPARAMETER	STATUS
<p>Digitalisere og forbetre tenester for tilgang til og utveksling av eigedomsinformasjon.</p>	<p>Her er det viktigaste tiltaket å opprette ein offentlig digital infrastruktur for digital eigedomshandel og e-tinglysing gjennom Altinn. Konseptet vart lansert 18. mars 2019. Det er etablert eit samarbeidsprosjekt mellom Eiendom Norge, Finans Norge og Bits, med mål om å utgreie og lage ein plan for oppkopling av bankar og meklarar. Vår del med eit Aktørregister vart produksjonssett 2. september. Per 31.12.2019 var 142 ulike brukarar registrerte. Det er ikkje forventa nokon effekt av dette på kort sikt, då vi er avhengige av at bransjen tek dette i bruk. Sjå meir omtale i del V.</p> <p>To andre tiltak som har vorte utvikla i 2019 er integrasjon mellom matrikkel og sentralt stadnamnregister (SSR), og å ta i bruk Kommunesektorens organisasjon (KS) si FIKS plattform for utveksling av digitale data. Førstnemnde vart sett i produksjon 15. oktober, medan arbeidet med FIKS plattform har vore meir utfordrande enn forventa og blir først lansert i matrikkel versjon 3.16, i mars 2020.</p>
<p>Gjere data frå det offentlege kartgrunnlaget (DOK) tilgjengeleg, i samsvar med tiltaksplanen og med auka kvalitet.</p>	<p>Etatane blir følgde opp i samsvar med plan for partsoppfølging. Det vart bestilt årleg statusrapport pr. juni 2019, med svar frå alle 17 etatar saka vedkjem. Mange har stor progresjon og gode tiltak. Totalt er det definert 237 tiltak, 64 av desse er avslutta. Det er både levert statusskildringar og revisjon av tiltak. Kartverket har halde kontakten med etatane som har halde fram implementeringa si også i 3. tertial. Ny rapportering er i juni 2020. Fleire etatar har tiltak som er større investeringar og som ligg som eigne tiltak i handlingsplan til nasjonal geodatastrategi. Materiale frå etatane er samanstillt i eigen rapport, publisert 10. september på kartverket.no.</p>

OPPDRAG	STATUS
<p>5. Syte for god kommunikasjon og dialog om radiostille i Ny-Ålesund ved oppstart av nytt geodetisk observatorium. Innan fristen fremje ein plan for å sikre føreseieleg og effektiv bruk av frekvensbandet 2–32 Ghz fram mot 2025, i tråd med intensjonar og føringar i den nye forskingsstrategien for Ny-Ålesund. Frist: 1.12.2019</p>	<p>Vi følgjer opp dialogen om radiostille, primært via deltaking i NySMAC (Ny-Ålesund Science Managers Committee). Møte har vore halde i Arkhangelsk i mai og i Oslo i november. Vi har teke rolla som «chair» for Radio Silence Working Group i NySMAC for å vareta interessene våre. Ny forskingsstrategi for Ny-Ålesund vart publisert i mai, og avsnittet om radiostille har vorte omskrive av Forskingsrådet som føreslege av Kartverket. Vurderinga vår er at på det noverande tidspunktet ikkje er føremålstenleg å gjere ferdig nokon skriftleg plan for arbeidet fram mot 2025. Dette er også drøfta med KMD.</p>
<p>6. Hjelpe KMD med digitalisering på planområdet gjennom tre eigne prosjekt skildra under løyvinga over kap. 500, post 21. Frist: 31.12.2019 <i>Merk ny føring gjeve i tillegg. Nr. 6, datert 14.10.2019</i></p>	<p>Kurs i forvaltning av planregister Dette har i hovudsak gått bra i 2019. Fleire kommunar enn målalet har teke del, men det har vore to kurs færre enn planlagt. Sistnemnde primært grunna at kommunane har vore opptekne med kommunereforma.</p> <p>Bistand i samband med planstandard Vi har hjelpt KMD i arbeid knytt til oppdatering og utvikling av planstandard. Det er vorte meir arbeid enn forventa pga. meir arbeid med SOSI 4.3.2 og SOSI 5.0. og ny standard for årsversjonar av dispensasjonar.</p> <p>Oppfølging av tiltaksplan for forbetring av DOK Norconsult / NOIS har gjennomført ein analyse av konsulentar sin bruk av DOK/geodata i planlegging. Dette er ei oppfølging av DOK-eigenskapsanalyse frå 2017, som hadde fokus på kommunebrukarar. Fagdag med tema: «DOK sett frå brukarane si side» vart skipa til i Oslo 24. september 2019 med ca. 70 deltakarar.</p> <p>KMD har gjeve tilsegn om at underforbruk av midlar til «Kurs i forvaltning av planregister» kan nyttast til å dekkje overforbruk på «Bistand i samband med planstandard.» Sjå orientering om øyremerkte tildelingar seinare i del III.</p>
<p>7. Sikre at matrikkelen står opp om valet i 2019 og gjennomføring av kommune- og regionreformene 1.1.2020. Frist: 31.12.2019.</p>	<p>Kartverket er svært nøgd med at det vart levert riktige grunnlagsdata for kommune- og fylkestingsvalet. 1. januar 2020 var den endelege milepålen for alle leveransane frå Kartverket til kommune- og regionreformene. Private og statlege verksemdar har berre kome med positive tilbakemeldingar for vellukka gjennomføring etter årsskiftet. Matrikkelen var den sentrale løysinga frå Kartverket si side. Sjå meir omtale seinare i del III.</p>
<p>8. Ta vare på rolla som teknisk koordinator av statlege etatar om IKT-spørsmål i kommune- og regionreforma og gje fagleg støtte til kommunane i samband med endringar av kommunenummer og adressering som følgje av kommune- og regionreforma, jf. løyving under 5.1. kap. 571, post 21. Frist: 31.12.2019.</p>	<p>Rolla som IKT-koordinator har følgt same struktur som ved dei føregåande åra. Kartverket har konsentrert seg om samarbeid og koordinatrolla for dei andre statlege funksjonane som er involverte, og dette har fungert utmerkt. Andre sentrale oppgåver har vore informasjon til kommunane og dialog med IKT-leverandørane til kommunal sektor. Kommunikasjon med KMD har fungert godt med positive tilbakemeldingar. Sjå meir omtale seinare i del III.</p>

OPPDRAG	STATUS
<p>9. Leggje til rette for auka bruk av satellittbaserte posisjonstenester (GNSS) og greie ut kva krav utviklinga innanfor GNSS set til geodetiske referanserammer i åra framover. Frist: 31.12.2019.</p>	<p>Den planlagde oppgraderinga av kontrollsenteret er fullført. Vi er no meir robuste enn før, og har ei oppetid på 99,7 % i 2019. Vi har etablert 29 nye permanente geodetiske stasjonar (PGS) i 2019 (27 av desse for Bane NOR) og har avtalt med Leica Geosystems AS at vi skal vurdere å ta over opptil 15 av deira PGS-er. To av dei største aktørane i Noreg har valt å inngå avtale om leveranse av grunndata. Avtalen har ei utforming som stimulerer til auka bruk.</p> <p>Når det gjeld oppdraget om å utgreie kva krav utviklinga innanfor GNSS set til geodetiske referanserammer i åra framover, er dette løyst gjennom to utgreingar. Kartverket står konklusjonen i Metier si utgreiing/forenkla samfunnsøkonomisk analyse om å utsetje avgjerdom om å gå bort frå dagens situasjon med prising av CPOS-tenesta og grunndata, og hente inn meir informasjon før tiltaka blir revurderte. Det skjer likevel stadig endringar i marknaden. Tilbydarane som framstiller posisjonstenester med basis i grunndata frå Kartverket overtek fleire av dagens sluttbrukarar på CPOS-tenesta, og situasjonen må vurderast kontinuerleg for å sikre tilstrekkelege inntekter til finansiering av infrastruktur, drift og vidareutvikling. Rapporten «Hvordan bør Kartverket forholde seg til behovet for nye referanserammer?» vart ferdig 21. november. Rapporten konkluderer med at vi bør avvente oppstart av prosjekt for innføring av International Terrestrial Reference Frame (ITRF) inntil ein ser utviklingstrekk tydelegare.</p>
<p>10. Vidareutvikle Geonorge med modernisering av format og avgjevargrensensnitt (API) tilpassa storbruk i samfunnet, bl.a. knytt til beredskap. Kartverket skal levere plan for dette arbeidet innan opplyst frist. Frist 1.7.2019</p>	<p>Det er eit strategisk mål å auke bruk av geografiske data frå Geonorge. Det er stadig fleire etatar som ønskjer å levere via Geonorge og stadig nye brukarar. Det vil bli utarbeidd plan for modernisering av api- og format-tilbodet. Dette vil ein sjå som del av eit større strategisk løp for vidareutvikling og modernisering av Geonorge som nasjonal offentleg plattform for geografisk informasjon. Prosjekt med tilrettelegging av data for Forsvaret relatert til krise og beredskap er i gang. Prosjektplan er utarbeidd og godkjend. Prosjektmedarbeidarar har vore på plass sidan 1. oktober, og samarbeidet med Forsvaret fungerer godt.</p>
<p>11. Yte kartfagleg bistand til arbeidet med reviderte forvaltningsplanar for Barentshavet-Lofoten og oppdatering av forvaltningsplanar for Norskehavet og Nordsjøen-Skagerak. Kartverket skal i denne samanhengen vidareutvikle Arealverktøyet for norske havområde, og leggje til rette data til forvaltningsplanane. Frist 1.7.2019</p>	<p>Vi har ytt bistand til vidareutvikling av Havarealverktøyet etter føringar gjevne av Barentswatch og den interdepartementale styringsgruppa. Det er Kystverket/Barents Watch som er ansvarleg for arealverktøyet. I møtet med den interdepartementale styringsgruppa i desember 2019, vart vidare framdrift med arealverktøyet diskutert. Det vart avgjort at arbeidet med tilrettelegging av data og tenester held fram. Det blir no arbeid med stortingsmeldinga om forvaltning av Barentshavet, som baserer seg på det datagrunnlaget vi har arbeidd med i 2019. Det er i 2019 utført endringar og forbetringar på fem av datasetta som inngår i arealverktøyet. Dette arbeidet er gjort med bakgrunn i behov som kom fram under brukartestar gjennomført i Faglig Forum. Testane viste enkelte avgrensingar i tenestene og dei tekniske løysingane i klienten.</p>
<p>13. Utvikle og vidareutvikle løysingar for å gjere tilgjengeleg og bestille data frå kystkartleggingsområde på ein betre måte. Gjeve gjennom tillegg til tildelingsbrev nr. 7 datert 28.oktober 2019.</p>	<p>Her har det vorte utvikla nettbaserte tenester hos Noregs geologiske undersøking (NGU) og Havforskningsinstituttet (HI) som kan gjenbrukast av alle kartklientar. Desse tenestene er startskotet på den tilgjengelegginga som etatane må leggje til rette for i pilotprosjektet Marine grunnkart i kystsonen. Tenestene er ferdig utvikla i 2019 og skal flyttast over i produksjonsmiljøa i NGU og HI i januar/februar 2020. Sjå meir omtale seinare i del III.</p>

OK

MINDRE AVVIK

AVVIK

OPPDRAK	STATUS
<p>15. Kartverket skal levere innspel til kartlegginga av aktuelle datasett knytt til EU-reglane om tilgang til offentlege geodata. <i>Frist 25.11.2019</i> <i>Gjeve gjennom tillegg til tildelingsbrev nr. 7 datert 28.oktober 2019.</i></p>	<p>Dette vart levert i samsvar med opplyst frist. Bestillinga vart nærare spesifisert i eit eige notat frå KMD. I svaret vårt tok vi opp at Kartverket alt har gjort tilgjengeleg ein stor del av det vi definerer som høgverdige data. I tillegg til dette kan data frå matrikkel og grunnbok (utan person-sensitivt innhald) vere aktuelle kandidatar som «høgverdige datasett». Desse data er vurderte å ha eit stort potensial på dei fire kriterier som er lista opp i notatet frå KMD (s.3), men krev teknisk tilrettelegging og endringar i finansieringsgrunnlaget.</p>

Status når det gjeld føringar jf. pkt 4. Andre føresetnader og krav, og 5. Budsjettdelinger i tildelingsbrevet

FØRING	STATUS
<p>4.1 Kartverket skal arbeide systematisk for å realisere regjeringa sin inkluderingsdugnad, og utvikle rutinar og arbeidsformer i personalarbeidet med sikte på å nå måla for dugnaden (minst 5 % av dei nytilsette i staten skal vere personar med nedsett funksjonsevne eller hol i cv-en.).</p>	<p>Vi har jobba systematisk med dette og har bl.a. delteke på informasjonsmøte hos Difi, endra tekst i annonsar og annonserer hos jobb-for-alle. Kartverket skal vere med i regjeringa si traineeordning for personar med nedsett funksjonsevne. 13 % av nytilsette i 2019 kjem inn under krava i inkluderingsdugnaden. Sjå meir omtale i del IV i årsmeldinga.</p>
<p>4.2 Om arbeidslivskriminalitet. Det er forventat at offentlege verksemdar går føre i arbeidet med å fremje eit seriøst arbeidsliv. Kartverket skal ved tildeling av oppdrag og i oppfølging av inngåtte kontraktar sikre at leverandørane deira følgjer lover og reglar. (utdrag)</p>	<p>Ved tildeling av oppdrag meiner vi at dette er godt vareteke. For kvar anskaffing blir det gjennomført risikovurderingar gjennom anskaffingsplanen, bl.a. i konkurransane for internasjonal teneste der risiko for arbeidslivskriminalitet er rekna for større enn andre delar av verksemda vår. Kva krav som blir stilt i den enkelte anskaffinga, blir fastsett ut frå slike vurderingar. Når det gjeld oppfølging av kontraktar, manglar det noko systematikk. Prosedyre for oppfølging av kontraktar har vore under utarbeiding i 2019, men er vorte forseinka. Denne vil bli gjort ferdig tidleg i 2020.</p>
<p>4.3 Kartverket skal vurdere om dei kan auke talet på lærlingar og tilby opplæring i nye lærefag. Kravet om at Kartverket til kvar tid har minimum éin lærling blir vidareført.</p>	<p>Vi har pr 31.12.2019 tre lærlingar innanfor kontor og administrasjon (ein førsteårslærling og to andreårslærlingar) og ein andreårslærling på IT. Totalt har Kartverket 4 lærlingar. Dette er om lag på same nivå som tidlegare.</p>
<p>4.4 Ei kortfatta og overordna kartlegging av risiko og sårbarheit (ROS-analyse) på eige ansvarsområde blir send over til departementet innan same frist som årsmeldinga.</p>	<p>Sjå eige vedlegg.</p>

FØRING	STATUS
<p>4.4 Kartverket skal over tid etablere eit IT-tryggleiksnivå som vil handtere åtak frå avanserte trusselaktørar. («Kartverket skal i tråd med tilbakemeldingene fra Riksrevisjonens rapport for 2017, sørge for god dokumentasjon av sikkerhetsarbeidet og at styringssystemet for informasjonssikkerhet får en helhetlig oppfølging».)</p>	<p>Prosjektet Sikkerhet 2021 har som mål å bringe Kartverket opp på nivå 4 etter NIST-standarden (NIST – National Institute of Standards and Technology). Prosjektet vart initiert i november 2018, og bemanna med prosjektleiing frå nyttår. Prosjektet er i hovudsak i rute når det gjeld framdrift, men med noko lågare kostnader ettersom vi gjer meir internt enn opphavleg planlagt. Det er gjort noko justering av prosjektplanen knytt til anskaffingar basert på økonomiske føringar og meir realistiske rekrutteringsplanar for nøkkellressursar innanfor tryggleik.</p>
<p>4.5 Føring om målstruktur</p>	<p>Etter forholda må ein seie at det har vore ei positiv utvikling. Kartverket har sjølv definert ni overordna mål som i stor grad er spegla i tildelingsbrevet for 2020. Det står att eit internt arbeid med tanke på å tilpasse rutinar for rapportering mv.</p>
<p>5.1 Halde ved lag ambisjonane på matrikkelen tilsv. føringar i tildelingsbrevet for 2018: «Det bevilges 15 mill. kroner til å styrke matrikkelen. Kartverket forventes således varig å øke sin innsats på matrikkelen».</p>	<p>Totalkostnad i 2019 på «Masterplan matrikkel» inkl. interne ressursar er 17,1 mill. kr. Hovudtyngda av kostnadene er brukte til å styrkje matrikkelen som system gjennom å redusere teknisk gjeld. Sjå omtale seinare i del III om totale kostnader til drift og utvikling av matrikkelen.</p>



kartverket_insta Forrige søndag kunne du se denne bilen svinge innom Kartverket i Hønefoss i programmet «Det umulige landet» på @nrk 😊


@kristinskjerven
#altskjeretsted #veteranbil #oppdragelsesreise
#nrk #detumuligelandet #tvprogram #historie

kartverket_insta



14. APRIL 2019

#altskjeretsted



Nærare utgreiing, analyse og vurdering på utvalde område

I tildelingsbrevet vårt for 2019 er det peikt på at digitalisering og effektivisering er dei to overordna prioriteringane. Vi meiner at vi også i 2019 har gjort viktige framsteg på begge områda. Somme tema er også omtalte konkret tidlegare i del III, men her vel vi å trekkje fram nokre andre døme.


Auka digitalisering av panteboka har vore eit satsingsområde i mange år. 91 % av heile pantebokarkivet er no digitalisert. Siste måling av talet på bestillingar viser at nær 94 % blir tekne ut frå den digitale panteboka. Kunden får leveransen raskare, og vi bruker mindre ressursar. Vi har i tillegg gjort panteboka tilgjengeleg for kommunane via matrikkel. Sjølv om tilgangen er berre for dei som har arbeidsoppgåver knytte til matrikkel i kommunen, inneber dette ei monaleg forenkling i saksbehandlninga i kommunane.

Den økonomiske situasjonen vår har medført at naturleg avgang sjeldan blir erstatta 1:1. Alderssamansetjinga internt i Kartverket gjer at naturleg avgang pga. alder utgjer eit visst omfang både i 2019 og komande år. I landdivisjonen har ein haldt fram med å redusere antal årsverk, berre i eit noko mindre tempo enn i 2018. Reduksjonen skjer utan at oppdragsporteføljen har vorte vesentleg endra. Dette tyder ei bevisst prioritering og reell effektivisering. På kort sikt gjev dette nokre utfordringar med lågare måloppnåing på einskilde område, men på litt lengre sikt bør dette korrigerast ved bl.a. endra prioriteringar, omfordeling av oppgåver, intern mobilitet og ulike effektiviseringstiltak. Eit døme er Sentral FKB som fjernar store manuelle/halvautomatiske prosessar særleg hos kommunane, men også hos oss og andre Geovekst-partar. Sjå meir analyse om årsverksutviklinga i del IV.

I 2. halvår 2019 tok vi eit nytt initiativ for å redusere kostnadene våre og skaffe handlingsrom for vidare utvikling innanfor eksisterande rammer. Konsulent-selskapet Oslo Economics, med støtte frå Agenda Kaupang, vart engasjert for å identifisere tiltak som kan gje vesentlege innsparingar for Kartverket over ein femårsperiode 2020–2025. Rapporten vart levert 18. november, og tilrår 16 innsparingstiltak, og i tillegg 16 andre potensielle tiltak som også bør vurderast. Kartverket ser rapporten som eit godt utgangspunkt for vidare utgreiingar og avgjerder.


Kartverket er vorte medlem og partner i Digitalt samarbeid offentlig privat (DSOP). Skatteetaten, Brønnøysundregistra, NAV, Politiet, Kartverket og finansnæringa v/ Bits samarbeider om digitalisering av viktige prosessar i samfunnet. Eit konkret prosjekt under DSOP-programmet, heiter OED (Oppgjer Etter Dødsfall). Dette vart leidd av Brønnøysundregistra i 2019 (blir no overlate til Digitaliseringsdirektoratet), og målet er ein portal der etterlatne får full oversikt over den avdøde sine aktiva. Her er det stort potensial for både effektivisering i forvaltninga og betre tenester for brukarane.

Tysdag 5. november 2019 vart ein digital versjon av *Den norske Los* lansert av statsråd Monica Mæland. Det er eit stort framsteg for skipsfarten som får enklare tilgang til informasjon for trygg og effektiv seglas. Løysinga gjev auka brukarnytte og intern vinst med frigjerig av ressursar. På den nye nettsida blir det redaksjonelle innhaldet oppdatert jamt, og kartet blir oppdatert kvar 14. dag.



I løpet av 2019 er ei fullautomatisert produksjonslinje for kartdatasettet N100 ferdigstilt, testa og godkjend for produksjon. Metoden, prosessane og kompetansen vi har bygd gjennom dette arbeidet vil gje eit viktig grunnlag for vidare automatisering i åra framover.





På slutten av 2019 vart gjennomføring av kommune- og regionreformene i matrikkel og grunnbok ferdigstilt. Det er eit stort arbeid som er lagt ned for å sikre kvalitet på samfunnsviktige data i gjennomføringa. Det er meir enn 110 millionar dataendringar som har gått gjennom endringsloggane i grunnboka og matrikkelen i løpet av nokre hektiske desemberdagar. 13 fylke er slegne saman til 6 nye, 109 kommunar er slegne saman og oppstått som 43 heilt nye kommunar. Totalt 311 kommunar har vore involverte i endringane som no er gjennomførte. Alle desse kommunane har fått nye kommunenummer, som er ein viktig nøkkel i mange offentlege register og dataløysingar. I tillegg har eigedomar fått nye matrikkelnummer, og eit stort tal adresser og krinsopplysningar er endra. Kartverket har bidrege med eit stykke arbeid som går inn i noregshistoria. Kartverket har fleire års erfaring med gjennomføring av denne type reformer, men ikkje i nærleiken av det omfanget som vart gjennomført årsskiftet 2019/2020. Alt gjekk etter planen og 1. januar kunne systema setjast i normal drift og data for «det nye Noreg» kunne tilflyte resten av samfunnet. I tillegg til arbeidet med matrikkelen, har vi hatt ei veldig viktig oppgave som teknisk koordinator. Kartverket har fått ei rekkje positive tilbakemeldingar på arbeidet sitt og rolla si gjennom året.



God stemning då Nikolai Astrup (i midten) fekk vist elektronisk tinglysing av Anders Iversen, Thomas Berg, Turid Ellingsen og Anne Cathrine Frøstrup.

Som det går fram av tidlegare rapporterte styringsparametrar, har vi oppnådd svært positive resultat innanfor saksbehandling på tinglysing. Dette skjer sjølv om saksmengda (talet på rettsstiftingar) auka med 5,7 % i 2019 samanlikna med 2018. Digitaliseringsgraden aukar også noko, men utviklinga går relativt sakte. Delen elektronisk innsende typar rettsstiftingar, som har auka mest frå 2018 til 2019, er slettingar, pantedokument, overdragingar og råderettstap. Overdragingar viser den største auken med heile 412 %, men dette utgjør framleis eit lite volum. Noko av årsaka til den positive utviklinga er at aktiviteten i eigedomsmarknaden har vore høg. Vi ser også at meklarane nyttar løysingane våre meir enn tidlegare. Spesielt ser vi utviklinga på råderettstapsklausular der auken er på 75 %.

Det konkrete arbeidet med å utvikle ein eigedomsportal starta i 2. halvår 2019, og vi er komne godt i gang. Portalen vil gje rom for digital og enklare tinglysing for mindre profesjonelle aktørar, og for privatpersonar. Vi forventar at han vil vere eit monaleg bidrag til å auke digitaliseringsgraden. Vi har etablert ei brukargruppe som består av representantar frå tre forskjellige advokatkontor, utpeikte av Advokatforeningen. Første versjon av portalen vil bli lansert samtidig med Kartverket sine nye nettsider innan 1. oktober 2020.

Det vart løyvd 15 mill. kroner til å styrkje matrikkelen i 2018, med forventning om at vi varig aukar innsatsen vår. Tilsvarande føringar og ambisjonar har vore gjeldande i 2019. Dette arbeidet fekk dermed eit stort løft i 2018, først og fremst med klar satsing på å redusere såkalla «teknisk gjeld». Dette har halde fram i 2019 under overbyggingen «Masterplan matrikkel», som er delt inn i tre delprosjekt:

1. Tekniske forbetringar
2. Funksjonelle forbetringar
3. Datakvalitet

Arbeidet vårt med datakvalitet er omtalt tidlegare i del III under oppdrag 4 og i eigen styringsparameter. Det er også lagt ned ein stor innsats på tekniske og funksjonelle forbetringar. Målet er at saksbehandlarane

skal oppleve raskare og meir effektiv saksbehandling, på ei stabil og trygg teknisk løysing. I 2020 er løyvinga til matrikkelen auka med ytterlegare 30 mill. kroner. Det skal setjast i gang eit omfattande arbeid med både kvalitetsheving og fullstendigheit.

Kartverket sine data og tenester innanfor geodata blir primært tilbydd gjennom Georange. Vi ser at talet på brukarar og sidevisingar er relativt stabilt, og det er en kraftig vekst i talet på nedlastingar. Frå 1,6 millionar i 2018 til nesten 5,9 millionar i 2019, ein vekst på 256 %! Vurderinga vår er at Georange har fungert stabilt og godt i heile 2019. Innhaldet er monaleg utvida og det er på plass etterspurt ny funksjonalitet, bl.a. ny kartkatalog på ny plattform. Det nye prosjektet med tilrettelegging av data for Forsvaret er godt i gang, og involverer viktige utvidingar av datatilfang og ny funksjonalitet.

Hydrograf til ankers i Freemansundet

Når det gjeld sjømåling og prosessering, vart det i 2019 målt totalt 653,5 km² langs norskekysten. Det vart i tillegg også målt 1936,6 km² på Svalbard i løpet av sommaren. Dette er ein auke i dekningsgraden på 2,2 % samanlikna med 2018. På grunn av isforholda vart det målt utelukkande i Storfjorden. Grunnen til at det vart målt mykje større område på Svalbard enn på norskekysten, sjølv om fartøya våre berre var på Svalbard i 10 veker, er at det berre vart utført sjømåling i ope og relativt djupt farvatn. Dette går mykje fortare enn å måle komplekse og grunne område kystnært.

I 2019 er det gjeve ut totalt 118 nye måleoppdrag i sjøkart. Dette er ein auke frå 85 måleoppdrag i 2018. Gjennomløpstida for alle måleoppdraga er berekna til ca. 4,7 år. Det er då ikkje teke omsyn til storleiken på måleoppdraget. For ruteprosjektet i Oslofjorden isolert sett blir gjennomløpstida berekna til 4 år. Det relativt høge talet kjem av at vi i tillegg til ny sjømåling i 2018/2019, har brukt fire eldre måleoppdrag som ikkje var vortne gjevne ut tidlegare.




Drifta av Kartverket sin høgpresisjons posisjonsteneste (CPOS) har gått veldig bra i 2019. I løpet av året har to av dei største aktørane i Noreg valt å inngå avtale om leveranse av grunndata. Avtalen har ei utforming som stimulerer til auka bruk, noko som er i tråd med Kartverket sine mål. Ein konsekvens vil etter alt å dømme vere at ein del brukarar vil velje andre posisjonstenester enn CPOS. Dette ser vi klare teikn til på slutten av 2019. Kartverket vil med dette få mindre formidlingsinntekter på sal av CPOS-abonnement i tida som kjem. Dette utfordrar Kartverket si evne til å halde infrastrukturen oppe på eit forsvarleg og forventa nivå. Totalt har infrastrukturen ved utgangen av året meir enn 10 000 brukarar med høge forventningar til oppetida på tenestene.



Nytablert
PGS stasjon
Lindmoen
på Nordlands-
banen.

Foto: Bjørn Eirik Bue

Vinstrealisering hos Kartverket og ute blant innbyggjarar og næringsliv er peikt på som ei av dei overordna prioriteringane våre i 2019. Vinstrealisering inneber å planleggje og organisere med tanke på å hente ut vinstar av eit tiltak (ofte prosjekt), og å følgje opp desse vinstane slik at dei faktisk blir realiserte. Vinstar blir normalt delte inn i tre hovudtypar:



Kjelde: DFØ sin rettleiar i vinstrealisering- 2014

Dei siste åra har det vore spesiell merksemd om vinstrealisering for prosjekta / tiltaka nasjonal detaljert høgdemodell (NDH), Sentral FKB (SFKB) og Geonorge. Vi opplever at det er vanskeleg å etablere gode vinstrealiseringsplanar for alle desse. Vi klarer til ein viss grad å identifisere interne effektiviseringsvinstar i Kartverket, men i liten grad frå andre interessentar frå offentleg sektor. Kvalitetsvinstar er enklare å identifisere, men krevjande å talfeste og måle. Vinstar hos andre aktørar (privatpersonar/ privat sektor mv.) burde absolutt finnast, men det er vanskeleg å få tilstrekkeleg bidrag frå desse interessentane. For SFKB og Geonorge har det ikkje vorte jobba målretta med vinstrealiseringsplanar i 2019, men vi har jobba med aktivitetar som kan reknast som vinstrealisering. Eit meir målretta arbeid med vinstrealiseringsplanar vil inngå i vidare oppfølging i 2020. Når det gjeld NDH, har vi sett temaet på agendaen på fleire møte med andre partar i prosjektet i 2019, og det ser ut som det vil hjelpe i 2020. Det er ferdigstilt ein vinstrealiseringsplan som er avgrensa til Kartverket sine realiserte og vidare potensielle vinstar. Eit anna prosjekt som kan nemnast, er elektronisk tinglysing. Der er planen vel etablert og ein er i fasen med å dokumentere og realisere vinstane. Der må det gjennomførast ytterlegare tiltak for vidare vinstrealisering hos fleire aktørar. Generelt må vi seie at det framleis er ein del som står att, før vi kan seie at vi jobbar systematisk og målretta for å realisere vinstar av iverksette tiltak. Dette krev meir merksemd i åra framover.



kartverket_insta Naturen kan å lage kunstverk.

@mgusg
#naturen #hjerne #utinaturen #utno #mittfriluftsliv
#stubbe #kunst #liveterbestute #honefoss #buskerud
#ringerike

kartverket_insta



2. MAI 2019

I Ny-Ålesund har leveransane frå det opphavlege observatoriet frå 1993 stort sett gått som planlagt, trass i at arbeidet med å få det nye jordobservatoriet opp i drift har hatt første prioritet. Det nye jordobservatoriet er ein del av eit større internasjonalt nettverk av nye observatorium med ny og meir avansert funksjonalitet enn det gamle frå 1993. Full drift av nettverket krev eit mottaksapparat som førebels ikkje er fullt ut på plass. Fleire land jobbar med å finne løysingar for dette, og vi har på vegne av fleire europeiske partnarar søkt om midlar frå «Horizon 2020» til utvikling av eit dedikert mottaksapparat for europeiske observatorium. Medan vi ventar på denne utviklinga, er planen å få sett det nye jordobservatoriet i Ny-Ålesund i drift med tilsvarande funksjonalitet som det gamle. Vi reknar med at vi får gjort nødvendige tilpassingar for å få dette til. Det er framleis eit mål å få teke ned det gamle teleskopet i 2022. Kravet vi har sett om to år med paralleldrift for overføring av tidsseriar, gjer at vi må starte paralleldrift i løpet av første halvår 2020. Når det gjeld SLR, har året vist oss at dei opphavlege planane vi har saman med

NASA, har vore for optimistiske. På vårparten fekk vi melding om 1,5 års utsetjing, noko som medfører at SLR no ikkje ser ut til å vere operativ i Ny-Ålesund før i 2024. Dette er bekymringsfullt, og vi må følgje den vidare utviklinga her tett.

Som skrive tidlegare i del III har prosjektet ny nasjonal detaljert høgdemodell hatt gode resultat i 2019. Det er gjennomført langt meir datafangst enn planlagt, noko som bidreg til ein viktig reduksjon av risiko for ikkje å nå målsetnadene for prosjektet. Det er Kartverket som leier kartleggingsprosjektet, som er eit spleiselag mellom KMD og sju andre departement. Ved årsskiftet er 71,5 % av totalt areal for prosjektet tilgjengeleg i forvaltningsløysinga for høgdedata. Styling og leiing av prosjektet fungerer i all hovudsak veldig bra. Arbeidet med vinstrealisering er ei viss utfordring (sjå annan omtale i årsmeldinga). Samla ramme for prosjektet er 420 mill. kroner i 2016-kroner. Vi har saman med KMD jobba for å finne ei løysing for å handtere prisjustering i gjennomføringsfasen som går over sju år. Dette vil bli implementert i 2020.



Feiring med kake då målet om at 80 prosent av kommunane gjer oppdateringar direkte inn i Sentral felles kartdatabase blei nådd.

Sentral felles kartdatabase (SKFB) er eit viktig prosjekt for Kartverket. Dette fjernar tidlegare filtransaksjonar i stor skala og gjev kontinuerleg oppdaterte detaljerte kartdata for brukarane. Det er jobba svært godt med innsalet ovanfor kommunane, og heile 365 (2019-) kommunar oppdaterer direkte ved årsskiftet, ein auke på 40 kommunar i løpet av året. Av storbykommunane utanfor Geovekst har både Stavanger og Bergen valt å gå over til direkte oppdatering. I løpet av 2019 er talet på kommunar som har sett opp geosynkronisering av plandata mot den nasjonale løysinga vår auka til 221 (2019-) kommunar. I 1. tertial vart det halde ein workshop om framtidig FKB, der sentrale systemleverandørar og Trondheim kommune deltok. Føremålet var å vurdere krav og behov for framtidig forvaltningsløysing for FKB. Det vart vedteke å utvikle eit nytt API. Dagens løysing dekkjer dagens behov, men mogleg behov for 3D-forvaltning kan styre utviklinga av framtidig løysing også her.

Arbeidet med å innføre vegadresser i heile landet har også i 2019 gjeve gode resultat. Ved årsskiftet kan vi rapportere at 96 % av adresseobjekta i landet no har vegadresse (sjå meir under volumtal i del II). Det er ganske sikkert at auken kan knytast direkte til kommunesamanslåingsprosessar, og i tillegg stor innsats i «gamle» Sogn og Fjordane fylke.



kartverket_insta I dag lanserte vi 75 helt nye symboler for tur- og friluftsliv og idrett under Stikonferansen i Bergen. Symbolene vil vise flere inn i friluftslivet, mener Den Norske Turistforening (DNT). - De synliggjør at friluftslivet er for alle, og at friluftslivet i 2019 er mangfoldig, sier generalsekretær i DNT, Dag Terje Klarp Solvang.

@pabjorklund
#altskjeretsted #tursti #stikonferansen2019
#turistforeningen #utno #skilting #symboler #merking
#idrett #friluftsliv #tur #padletur #foottur #sykkeltur
#fjelltur #klatretur

12. MARS 2019


Innkrevjing av dokumentavgifta

I 2019 er det kravd inn dokumentavgift for drygt 10,3 mrd. kroner, ein auke på ca 9 %. Når det gjeld sjølve innkrevjinga, vart det sendt 783 fakturaer til Statens innkrevjingsentral, ein liten nedgang frå 2018. Desse fakturaene inneheld både krav på dokumentavgift og tinglysingsgebyr.

Dokumentavgifta utgjer 2,5 % av avgiftsgrunnlaget, og hovudregelen er at salspris på eigedomen er avgiftsgrunnlaget. Ein auke i innbetalt dokumentavgift kjem delvis av ein priseffekt som følgje av prisstiging på bustader og delvis ei mengdeeffekt som følgje av fleire eigedomsoverdragingar. Salsprisen på eigedomane aukar framleis. I 2019 er det også ein liten auke (2,5 %) i talet på eigedomsoverdragingar som er tinglyst, medan totalt tal på rettsstiftingar aukar med 5,7 %.


INNBETALT DOKUMENTAVGIFT

Tal i 1 000 kr




TALET PÅ RETTSSTIFTINGAR FAST EIGEDOM OG BURETT

Tal i 1 000



Kartverket sine data blir brukte meir og meir. Ein indikasjon er volumtalet som er omtalt i del II om oppslag mot cache-tenestene våre. Etter ei fallande utvikling frå 2014 til 2017 ser vi no ei sterk positiv utvikling i bruk av cache-oppslag. Tenestene våre Seeiendom.no og Norgeskart.no bidreg til trafikkauken, men også andre opne nettenester bruker tenestene våre i stort omfang.


CACHE-TENESTER (MRD)




Seeiendom.no har vorte ein informasjonskanal ut mot brukarane som er påliteleg, godt kjent, mykje brukt og ikkje minst blir oppfatta som ei god og nyttig teneste. Diagrammet viser ein auke i talet på oppslag knytte til fast eigedom dei siste åra. I 2019 ser det ut til at bruken har stabilisert seg.

OPPSLAG SE EIENDOM

Tal i 1 000



IT-tryggleik har hatt stor merksemd også i 2019. Det er ikkje registrert nokon alvorlege tryggleikstruande hendingar, men vi erfarer daglege forsøk på inntrenningar som blir fanga opp av tryggleikskontrollane våre. Det er såleis ein integrert del av den ordinære drifta vår. Prosjektet Sikkerhet 2021 har vore godt oppbemanna og hatt god framdrift. I IT-avdelinga er det i løpet av hausten gjennomført ein relativt omfattande OU-prosess. Identifiserte behov i Sikkerhet 2021-prosjektet var ein av hovudgrunnane til dette.



Flyfoto over
Trolltunga med
folk i kø.

Gjennomførte evalueringar

I Kartverket sin interne verksemds- og økonomiinstruks er det valt ein relativt vid definisjon av «evalueringar». Ofte vil leveransar som blir kalla utgreiing, gjennomgang, analyse, kartlegging, undersøking, revisjonar og brukarundersøkingar passe i definisjonen av «evalueringar».

I 2019 er det gjennomført ei rekkje interne analysar, brukarundersøkingar, revisjonar og evalueringar. Dette blir ofte gjort som ein del av ordinær verksemdsstyring og på eit lågare nivå i organisasjonen. Av dei litt større og meir vesentlege evalueringane vil vi trekkje fram følgjande:

På slutten av året fekk Havforskningsinstituttet (HI) og Kartverket i oppdrag å utgreie høvet for å overføre drift av Hydrograf og målebåtar til HIs reiarlag. Utgreiinga vart levert til KMD og NFD innan frist, og tilrådde at maritim drift blir overført til HI frå 1.1.2021. Det blir vidare tilrådd at hydrografane blir verande i Kartverket, medan det maritime mannskapet blir overført. Drift av lukka nett og sjømålingsutstyr blir framleis Kartverket sitt ansvar.

Førearbeida til prosjektet for å etablere ei ny forvaltnings- og formidlingsløyning for maritime geodata har gått føre seg for fullt i 2019. Prosjektet har ein arbeidstitel «Ny Hydrografisk Infrastruktur» (NHI). Som ein del av førebuingane er det gjennomført ei brukarundersøking. Dette blir knytt til tilbakemeldingane frå Difi / Digitaliseringsrådet, som bad oss om å utdjupe korleis NHI vil gje verdi for sluttbrukarane av djupnedata. Rapporten, som vart utarbeidd av SopraSteria og overlevert Kartverket i november, viser at det er svært stor samfunnsnytte i ei realisering av NHI.

Pure Logic har gjennomført ein samfunnsøkonomisk analyse om kvalitet i matrikkelen. Analysen inngår som del av arbeidet med å vurdere korleis ein bør gå fram for å heve kvaliteten i matrikkelen. Totalt 27 aktørar har vore involverte i prosessen med å utforme tiltak gjennom workshops og intervju. Estimat tilseier at ei full innhenting av ny informasjon til matrikkelen (alt blir gjort på nytt) vil koste minst 44 milliardar kroner, noko som tilseier at det ikkje er råd å gjennomføre politisk. Analysen har konkludert med fem tiltak som bør gjennomførast. Tiltaka er avhengige av kvarandre. Det er til dømes viktig at tiltak 1 blir gjennomført først, då det er normgjevande for dei andre tiltaka. Analysen er også omtalt elles i årsmeldinga.

2019 vart eit år for utgreiingar i geodesidivisjonen. Dei viktigaste av desse er omtalte tidlegare i del III, spesielt under oppdrag 9. Eit fellestrekk er at det blir peikt på behovet for meir informasjon frå potensielle nye brukargupper, som grunnlag for avgjerder om vegen vidare. Vi må derfor følgje godt med og søkje informasjon frå brukargrupper vi går ut frå vil få behov for posisjonstenester og endra bruk av referanserammer.

Kartverket si omdømmeundersøking vart gjennomført på slutten av året, og viser at Kartverket framleis har eit godt omdømme. Nær 80 % av befolkninga i Noreg har kjennskap til Kartverket, og av desse seier 72 % at dei har ei oppfatning av at Kartverket gjer ein samfunnsnyttig og viktig jobb. Befolkninga sin tillit til Kartverket har auka frå 2012 og til i dag. Kvar tredje nordmann har besøkt kartverket.no det siste året, og dei fleste leitar etter kartinformasjon eller tinglysing. Kartverket blir likevel opplevd som ei mindre innovativ verksemd i 2019 enn tidlegare. Undersøkinga viser elles små endringar.

Det er gjennomført ei rutinemessig medarbeidarundersøking i 2019. Desse plar vi å gjennomføre annakvart år, og sist gong var i 2017. Sjå meir omtale i del IV.

Økonomitenesta har hausten 2019 hatt ein detaljert gjennomgang på eit utval område innanfor meirverdiavgift (mva.). Etter gjennomført anbodsrunder, vart Deloitte valt til å utføre arbeidet. Rapporten peiker på at på dei fleste område blir mva.-behandlinga utøvd korrekt. For visse punkt er Kartverket tilrådd å endre rutine sine, særleg knytte til mva.-behandling ved fakturering av andre statlege føretak. For to hovudområde knytte til samfinansiering og internasjonal teneste tilrår Deloitte å sende førespurnad til Skatteetaten, då det er uvisse knytt til konklusjonen på desse problemstillingane.

Interne revisjonar gjennomførte i 2019, er omtalte i del IV.

Internasjonal verksemd

Kartverket engasjerer seg internasjonalt på eit breitt spekter av fagområde. Nedanfor følgjer eit utval av internasjonalt arbeid som vi har jobba med i 2019.

Det nordiske samarbeidet er tett og godt innanfor fleire fagområde. Kvart år møtest dei nordiske kartverka for å dele kunnskap og kompetanse. Her kan m.a. nemnast at det årlege møtet mellom dei nordiske kartverkssjefane vart halde på Åland 2.-4. oktober.

Vi har bidrege til arbeidet i FN sin underkomité for geodesi (UN-GGIM Subcommittee on Geodesy). 8. august vedtok FN sin ekspertkomité for geografisk informasjon (UN-GGIM) i sitt 9. årsmøte forslaget frå underkomiteen om å etablere eit Global Geodetic Centre of Excellence (GGCE) i regi av FN. Noreg (representert v/ Kartverket) leier underkomiteen sin «Communication and Outreach Working Group» og jobbar med kommunikasjon rundt planane for etablering av senteret.

Blant anna som følgje av vårt langvarige engasjement innanfor bistand, tek vi jamleg imot utanlandske delegasjonar som ønskjer å lære meir om korleis Kartverket løyser dei faglege oppgåvene sine. I 2019 har vi hatt besøk frå bl.a. Kirgisistan, Moldova, Georgia, Bosnia, Somalia, Mosambik, Malaysia, Nepal og Kina.

Kartverket er ein viktig og sentral bidragsytar til relevante internasjonale maritime arenaer, det meste under paraplyen til IHO (International Hydrographic Organization). Det inneber bl.a. at vi er i førarsete eller påverkar utvikling av nye standardar for nyaste generasjon elektroniske sjøkart, terrengmodellar av havbotn og nautiske publikasjonar. I 2019 har vi blant anna delt erfaringane våre knytte til digitalisering av *Den norske los*, og forskinga vår på havnivåstiging, medrekna spesielle forhold i norske fjordar.

Representantar frå KMD og Kartverket på møte i UN-GGIM – United Nations Committee of Experts on Global Geospatial Information Management i august.




Digital post

Over fleire år har Kartverket jobba med å ta i bruk digital post. Digitale sendingar via vårt dokument- og arkivsystem utgjer no 54 % av totalen (unnateke dokument til / frå tinglysing). Mottakarane er både statlege verksemdar, kommunar, private verksemdar og til enkeltpersonar.

Ein del av temaet digital post er elektroniske fakturaar. Dette har hatt ei framleis positiv utvikling i 2019, og gjev konkrete innsparingar både med tanke på interne prosessar rundt fakturabehandling og reduserte portoutgifter. Ca. 84 % av inngåande fakturaer, og 62 % av utgåande blir no behandla elektronisk.



DELEN ELEKTRONISK FAKTURA I %



Når det gjeld portoutgifter, ser vi ein liten reduksjon i 2019 samla sett. Reduksjonen på faktura blir utlikna av auken på tinglysingsdokument. Sistnemnde kjem dels av auka volum, men mest at kvar forsending er tyngre i vekt.

PORTOKOSTNADER PER ÅR

Tal i 1 000 kr



17. JULI 2019



kartverket_insta Maling og reparasjon av røyser, rydding av grensegata og innmåling av punkter. To ukers arbeid på grensa i Verdal og Meråker er tilbakelagt.

@torerikbakke
#altskjeretsted #riksgransen #verdalen #meråker
#nordtrøndelag #trøndelag #feltarbeid #landmåling

Andre relevante resultat og aktiviteter

I tillegg til det opphavlege tildelingsbrevet har vi motteke nokre tillegg til tildelingsbrevet og særskilde tilskotsbrev i løpet av året.

DOK. NR.	AVSENDER	TITTEL	DOK. DATO
18/03946-12	KMD	Tillegg nr. 1 til tildelingsbrev 2019. Løyving uu. Avklaring om «skøytepakke 2»	25.01.2019
18/03946-15	KLD	Belastningsfullmakt for bidrag til prosjektet Nasjonal detaljert høgdemodell	15.02.2019
18/03946-14	KUD	Belastningsfullmakt for forvaltningsoppgåver etter stadnamnlova, medrekna Sentralt stadnamnregister (SSR) kap.post 326.01	27.02.2019
18/03946-17	KMD	Tillegg nr. 2 til tildelingsbrev 2019. Overføringar frå 2018, klargjering av pkt 4.4, avklaring om midlar 2019	22.03.2019
18/03946-18	KMD	Tillegg, nr. 3. Nytt oppdrag 12, med løyving over kap 500, post 21	05.04.2019
18/03946-20	KLD	Tilskot Arktis 2030 / Arctic SDI	26.04.2019
18/00252-132	KUD	Endringar i stadnamnlova – informasjonstiltak	27.06.2019
18/03946-29	KMD	Tillegg nr. 4 til tildelingsbrev 2019. (1) Auka styringsramme for geodesi-observatoriet i Ny-Ålesund. (2) Føring om «forsvarleg kapital for prosjekt med framtidig inntening». (3) RNB- ekstra midlar til NDH, auka tildeling på post 01 mv. Merk ny føring gjeve i tillegg. Nr. 6, datert 14.10.2019	28.06.2019
18/03946-32	KMD	Tillegg, nr. 5. Nytt oppdrag 13, med løyving over kap 500, post 21. Endra kap./post på uu, jf. tillegg nr. 1	01.08.2019
18/03946-38	KMD	Tillegg nr. 6 til tildelingsbrev for 2019. Lønnskompensasjon, «prosjekt for framtidig inntening.», justering av oppdrag 6	14.10.2019
18/03946-40	KMD	Tillegg nr. 7 til tildelingsbrev for 2019. Nytt oppdrag 14	28.10.2019
18/03946-41	KMD	Supplerande tekst til tillegg nr. 7 til tildelingsbrev for Kartverket. Nytt oppdrag 15.	29.10.2019
18/03946-48	KMD	Tillegg nr. 8 til tildelingsbrev for 2019. Endringar i ny-salderinga 2019.	19.12.2019

Budsjett- og belastningsfullmaktene er nærare omtalte i del VI og i eiga oversikt i del III om øyremerkte tildelingar.

Elles dreier punkta nemnde over seg stort sett om justeringar knytte til krav eller føringar frå tildelingsbrevet, og dei er derfor ein del av omtalen tidlegare i del III.

Øyremerkte midlar

Tabellen under viser ei oversikt over status på dei øyremerkte midlane som er gjevne Kartverket i 2019.

MERKNAD	KAP.POST	FØREMÅL	LØVING	REKNESKAP
1	595.01	Arbeid med matrikkelen	15 000	17 100
2	595.01	NRL Utvikling	2 000	1 924
3	595.01	Sikkerhet 2021	12 830	10 927
4	595.21	NDH	67 926	83 926
5	595.21	Utviklingsmidlar	2 000	0
6	118.70	Arctic SDI	450	450
7	326.21	Stadnamn, SRR mm	5 600	5 600
8	352/21,71	Universell utforming	2 000	1 626
9	500.21	Budsjettfullmakt frå KMD	2 230	1 593
		Oppdrag 6 - Oppgåver knytte til PBL	1 000	825
		Nytt oppdrag 13	1 030	565
		Nytt oppdrag 12	200	202
10	571.21	Oppdrag 8 - Teknisk koordinator kommunereforma	5 000	4 129
11	1410.21	Nasjonal Detaljert Høgdemodell	3 076	3 076
12	1424.23	Mareano	57 870	26 110

Tal i 1 000 kr

- Matrikkel. Sjå omtale i årsmeldinga elles og eige oppsett i del III om «Utrekning av relevante kostnader sett opp imot staten sine gebyrinntekter frå tinglysing, og inntekter frå sal av eigedomsdata».
- I 2019 er det rammeoverført 2 mill. kroner frå Samferdselsdepartementet til bruk i kvalitetshevinga av NRL, jf. styringsparameter under 3.1 i tildelingsbrevet til Kartverket for 2019.
- Prosjektet Sikkerhet 2021 er det mest konkrete einskildtiltaket som kan knytast til auka tildeling på post 01, gjeve i tillegg nr. 4 (RNB), om «styrket arbeid med IKT-sikkerhet.»
- Kartverket har ei årleg løyving til Nasjonal detaljert høgdemodell (NDH) på 36 mill. kroner på kap.post 595.21. Dette er spesifisert i tildelingsbrevet, med ei føring om at Kartverket må dekkje ytterlegare 10 mill. kroner årleg. Det vart i tillegg løyvt 16 mill. kroner til NDH i RNB 2019, i tillegg til at Kartverket hadde 16 mill. kroner balanseført frå 2018 (utsett inntektsføring, jf. nysalderinga) som er nytta i 2019. I år er det også gjort ei prisjustering i tråd med prosjektplan. Totalt rekneskap for NDH i 2019 er på 104,8 mill. kroner, der 83,9 mill. kroner knyter seg til øyremerkte tildelingar (ref. tabell over) og 20,9 mill. kroner knyter seg til samfinansiering.
- Kartverket har øyremerkte midlar på 2 mill. kroner som skal nyttast på prosjekt med framtidig inntening på kap.post 3595.02. Det skal haldast ved lag ein forsvarleg kapital på desse midlane. Kartverket har ikkje brukt noko av desse midlane i 2019. Midlane blir såleis ein del av beløpet Kartverket kan overføre til 2020.
- Tilskot frå Klima- og miljødepartementet på kr 450 000 til arbeid med prosjektet Arctic SDI – Betre tilgang og bruk av geografiske data for arktiske havområde. Eiga rapportering.
- Årleg belastningsfullmakt frå Kulturdepartementet som bidrag til å dekkje utgiftene Kartverket har med forvaltningsoppgåver

etter stadnamnlova, medrekna å drifte og utvikle Sentralt stadnamnregister (SSR), mv.

- Midlar frå Kulturdepartementet til universell utforming er ikkje nytta fullt ut. Det har ikkje late seg gjere å få tak i nok ekstern bistand til utviklingsoppgåver knytte til API for oppdatering av uu-data i Sentral felles kartdatabase (SFKB), noko som har gjeve eit mindreforbruk på 250 000 kroner. Vi har også eit underforbruk på tilskot til kommunar med 100 000 kroner fordi kommunane ikkje har fått tak i ekstern bistand, noko som er relatert til at tilgjengelege ressursar arbeidde med kommunereforma.
- Budsjettfullmakt frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet til tre oppdrag med inntil 2,23 mill. kroner. Mindreforbruket på oppdrag 6 kjem av at kommunane har vore opptekne med kommunereforma slik at kurs i PBL ikkje har late seg gjennomføre fullt ut. Mindreforbruket på nytt oppdrag 13 kjem av forseinkingar som vil gjerast ferdige i januar 2020, og feilvurderingar gjorde knytt til mva. ved oppstart av arbeidet.
- Midlane er gjevne frå rammetilskot til kommunar (KMD) og er nytta til gjennomføring av oppdrag 8 – vareta rolla som teknisk koordinator av statlege etatar om IKT-spørsmål i kommune- og regionereforma, og gje fagleg støtte for adressering som følgje av kommune- og regionereforma. Kartverket gav tidleg melding om at tildelte midlar var noko høgt ift. kapasiteten vår i 2019.
- Midlar frå Klima- og miljødepartementet til utføring av nasjonal detaljert høgdemodell. Midlane er brukte fullt ut.
- Midlane er gjevne av Klima- og miljødepartementet til gjennomføring av aktivitetar i MAREANO-programmet i tråd med aktivitetsplanen for programmet for 2019. Dette er ei årleg budsjettfullmakt for Kartverket som gjev høve for overføring av ubrukte midlar til neste budsjettår.

Utrekning av relevante kostnader sett opp imot staten sine gebyrinntekter frå tinglysing, og inntekter frå sal av eigedomsdata

I oversikta nedanfor har vi gjort ei samanstilling av alle direkte og indirekte kostnader og inntekter som er knytte til Kartverket si verksemd med innsamling, forvaltning og formidling av data knytt til grunnbok og matrikkel.

Differansen mellom inntekter og kostnader er i hovudsak den same i 2019 som dei fire føregåande åra. Det er altså framleis eit signifikant avvik i høve til sjølvkostprinsippet.

Tal i 1 000 kr

KOSTNADER	2019	2018	2017
Tinglysing drift	248 616	241 520	238 902
Tinglysing utvikling	10 333	12 694	28 456
Matrikkel drift (forvaltning, brukarstøtte, avskrivingar mv.)	41 299	48 905	44 039
Matrikkel utvikling (inkl. kommune- og regionreform)	34 128	30 441	17 694
Formidling av eigedomsdata - grunnbok	3 204	2 409	2 350
Formidling av eigedomsdata - matrikkel	3 767	2 832	2 763
Sum kostnader	341 345	338 801	334 304
INNTEKTER			
Sum gebyr	440 170	419 751	422 473
Formidlingsinntekter-grunnbok	8 142	8 165	8 103
Formidlingsinntekter-matrikkel	2362	2 358	2 356
Sum sal eigedomsdata	10 504	10 523	10 459
Sum inntekter	450 674	430 274	432 932

Merknader til tabellen:

- Tala er frå verksemdsrekneskapen, og inkludert påslag for indirekte kostnader på løn.
- Som oversikta viser er samla kostnader til tinglysing drift stabile. Lønnskostnadene er reduserte som følgje av redusert tal på tilsette, men både avskrivingar og kostnader/lisensar til elektroniske løysingar har auka etter at nye system er tekne i bruk. I tillegg er portokostnader tinglysing som blir belasta avdeling fellestene, inkluderte i 2019-tala med 10,2 mill. kroner (utegløynde ved oppstillinga i 2018).
- Matrikkel drift. I 2018-rapporten er beløpet for høgt då det ved ein feil ikkje vart skilt ut arbeid som gjeld stadnamn og grenser. Dette utgjør 5,3 mill. kroner.
- Tinglysing utvikling i 2019 gjeld i all hovudsak prosjektet «Eigedomsportalen».
- Matrikkel utvikling gjeld i all hovudsak to prosjekt: «Kommune- og regionreforma» og «Masterplan matrikkel».
- Gebyrinntektene er ein god del høgare i 2019 enn to føregåande år (sjå omtale elles i årsmeldinga).
- Tinglysing drift inkluderer reelt også Kartverket sine kostnader knytte til dokumentavgiftsforvaltninga. Vi kan ikkje skilje ut desse kostnadene i rekneskapen, men i samband med utgreiingsarbeidet om endringar i dokumentavgiftsforvaltninga i 2014, anslo ein Kartverket sine kostnader knytte til dette til om lag 3,5 mill. kroner. Dette er ikkje inkludert i tala over.

Utgreiing for, analyse og vurdering av ressursbruk inkludert kommentarar og forklaringar til vesentlege meir- og mindreutgifter / inntekter og gjennomførte investeringar

Utnyttingsgrad og meir-/mindreforbruk 2019

Kartverket si løyving til ordinær drift, inkludert lønsutgifter, er gjeven på kap. 595, post 01. Løyvinga gjeven på kap. 595, post 21 har dekt utgifter til tidsavgrensande prosjekt og andre aktivitetar knytt til inntektssida. Løyvinga gjeven på kap. 595, post 01 kan også nyttast på post 21, og omvendt.

Kartverket har i 2019 hatt fullmakt til å overføre mellom postane 01, 21 og 45. Vidare har Kartverket ei meirinntektsfullmakt, som gjev fullmakt til å overskride driftsløyvinga under kap. 595, postane 01 og 21 mot tilsvarande meirinntekter på kap. 3595, postane 02 og 03.

Kartverket har i 2019 hatt stor merksemd om økonomi og økonomistyring. I 2018 hadde vi eit relativt stort mindreforbruk på kap. 595, post 01 og eit meirforbruk på kap. 595, post 21 som delvis vart dekt av meirinntekter på kap. 3595, postane 02 og 03. Netto mindreforbruk utgjorde 61,172 mill. kroner i 2018, jf. Leiarkommentar i del I. Netto mindreforbruk i 2019 er på 14,807 mill. kroner. Inkludert i mindreforbruket er øyremerkte midlar på 2 mill. kroner til prosjekt med framtidig inntening.


Kartverket har ikkje hatt utgiftsramme på kap. 595, post 45 i 2019.

Jordobservatoriet på Ny-Ålesund (post 30) har ein utnyttingsgrad på 24,3 %. Den ordinære tildelinga i år var på 5,6 mill. kroner. På grunn av store forseinkingar i 2018, vart unytta midlar i 2018 overførte til 2019 slik at ramma auka med 47,6 mill. kroner, til 53,2 mill. kroner. Utnyttingsgraden er noko høgare i 2019 enn i 2018, men det har også i 2019 vore store forseinkingar i prosjektet. Størst forseinking er det i anskaffinga av SLR frå NASA, der forseinkinga er på om lag 30,9 mill. kroner. Ubrukte midlar i 2019 blir søkt overførte til 2020.

POST	UTNYTTINGSGRAD
01 Driftsutgifter	99,4 %
21 Spesielle driftsutgifter	99,5 %
30 Jordobservatoriet Ny-Ålesund	24,3 %

DRIFTSUTGIFTER PER MÅNAD

Tal i 1 000 kr



Driftsutgiftene ser i stor grad ut til å oppstå i same periodar i 2017, 2018 og 2019, men det vil alltid vere variasjonar mellom åra, mellom anna som følgje av utbetalingar i store tidsavgrensande prosjekt. Dei unormalt låge driftsutgiftene i februar 2017 kunne i stor grad sjåast i samanheng med innføring av ny tilknytingsform og uvisse i resultateneingane knytte til nye rutinar. I februar 2018 og 2019 er vi igjen på eit normalt utgiftsnivå. Samanliknar vi 2018 og 2019 er det lågare utgifter frå april til oktober i 2019 enn i 2018, men utgiftene aukar kraftig dei siste månadene i 2019, samanlikna med 2018 der driftsutgiftene flata ut. Den kraftige auken på slutten av 2019 må sjåast i samanheng med dei store samfinansierte prosjekta i landdivisjonen. Sjå kommentarar til driftskostnader for ytterlegare detaljar.

Meir- / mindreinntekter i 2019

Tal i 1 000 kr

KAPITTEL / POST	FORKLARING	SAMLA TILDELING (INNETSKRAV)	REKNESKAP 2019	MEIRINNETK OG MINDREINNETK (-)
3595 / 01	Gebyrinntekter	425 000	440 623	15 623
3595 / 02	Sal og abonnement	171 151	179 979	8 828
3595 / 03	Samfinansiering	273 495	271 871	-1 624

Tabellen over viser Kartverket si samla tildeling på inntektssida (inntektskrav) i 2019. Kartverket har meirinnetktsfullmakt på kap.post 3595.02 og 3595.03. Det vil seie at Kartverket kan overskride driftsløyvinga under kap.post 595.01 og 595.21 mot tilsvarande meirinnetkter på nemnde kap.postar. Gebyrinnetkter vart 15,6 mill. kroner høgare enn inntektskravet. Dette har samanheng med at talet på rettsstiftingar auka med om lag 92 000 frå 2018 til 2019.

Salsinntektene vart 8,8 mill. kroner høgare enn inntektskravet og knyter seg til meirinnetkter innanfor fleire oppdrag / prosjekt. Kartverket har blant anna meirinnetkter knytte til CPOS og Mareano.

Mindreinntekt på samfinansiering kjem som følge av forseinkingar og manglande innbetalingar, hovudsakleg i geodesidivisjonen.





Foto: Håvard Skogmo

Gjennomførte investeringar i 2019:

Tal i 1 000 kr



Investeringane i 2019 er på 97,6 mill. kroner, ein auke på 39 mill. kroner frå 2018. Størst endring er det i investeringar knytte til PC-ar, tenarar og skrivarar, med ein auke på 23 mill. kroner i 2019. Det er bytt to store lagringsløyvingar i 2019 attåt mange gamle

tenarar og tapedevicerar. Vidare var det eit etterslep på PC-ar og PC-utstyr frå 2018 og tidlegare år som er teke i 2019.

Anlegg under utføring har auka med 12,1 mill. kroner frå 2018. Dette dreier seg om anlegg som ikkje er fullførte ved utgangen av 2019. Den største investeringa er knytt til fysiske sikringstiltak ved hovudkontoret i Hønefoss, og summerer seg til 7,6 mill. kroner. Vidare er det investert 2,2 mill. kroner på utbygging i regi av Bane NOR og 2,7 mill. kroner på VLBI instrument til nytt observatorium i Ny-Ålesund. Immaterielle eigedelar under utføring har auka med 5,7 mill. kroner frå 2018. Den største investeringa i 2019 er knytt til Eigedomsportalen, der det er investert 6,6 mill. kroner.

Programvarelisensar og eigenutvikla programvare har gått ned med 2,8 mill. kroner frå 2018, sjølv om det også i 2019 er gjort store investeringar på om lag 23 mill. kroner. Det er investert 7,1 mill. kroner på nasjonal geoportal, 5,9 mill. kroner på sentralisering av FKB data og 2,7 mill. kroner på prosjektet Sikkerhet 2021 i 2019.

Andre investeringar, som maskiner, anlegg, bygningar etc. er på nivå med fjoråret.

Kjøp av eksterne tenester

I 2019 kom det endringar i standard kontoplan knytte til kontogruppe 67 *Kjøp av konsulenttenester og andre framande tenester*. Det er gjort endringar i kontoinndelinga for å kunne gje ein meir spesifisert informasjon om konsulentutgifter i staten. Det er også utarbeidd ein definisjon av omgrepet konsulentutgifter:


«Ein konsulent er ein ekstern (fysisk eller juridisk) person med spesialkompetanse som for ein tidsavgrensa periode blir engasjert av verksemda for å utføre ei konkret definert oppgåve».

I 2019 har Kartverket ført 91,7 mill. kroner på kontogruppe 67. Tilsvarande beløp i 2018 var 79,9 mill. kroner. Det er verdt å merke seg at 18,8 mill. kroner (17,1 mill. kroner i 2018) er knytte til interne timeverk der tilsette i Kartverket utfører arbeid som blir belasta fullmakt frå anna departement (artskonto 679). Resterande 72,9 mill. kroner er kjøp av konsulenttenester og annan bistand som Kartverket har nytta for å utføre både driftsoppgåver og for å gjennomføre oppdrag og føringar i tildelingsbrevet. Tilsvarande beløp i 2018 var 62,8 mill. kroner, inkludert kjøp av tenester til drift av Primar, og 59,2 mill. kroner om ein tek omsyn til interne timer kjøpt av Primar.

Den oppgåva det er nytta mest midlar til i 2019, med 22,7 mill. kroner, er kjøp av tenester frå Electronic Chart Center (ECC). ECC utarbeider ENC-ar (Electronic Navigation Chart) for Primarsamarbeidet (Sjø) og forvaltar også den elektroniske kjøp / sal-løysinga. Utgiftene er dekte av salsinntektene som Primar får ved sal av ENC-ar.

Vidare har Kartverket kjøpt tenester til løpande driftsoppgåver (IKT) for 21 mill. kroner og konsulenttenester til utvikling av programvare, IKT-løysingar mv. for 7,6 mill. kroner i 2019. Dette må ein sjå i samanheng med Kommune- og regionreforma, som kravde mykje intern IKT-kapasitet. For å løyse ordinære driftsoppgåver var det nødvendig med eksterne konsulentar. Kartverket trong også spesialkompetanse for å utvikle IKT-løysingar i viktige prosjekt i Kartverket. Vidare ser vi at IKT-området stadig krev meir ressursar, og Kartverket jobbar kontinuerleg med å finne riktig balanse mellom internt tilsette og kjøp av eksterne tenester.

Delen av driftskostnader i Kartverket fordeler seg på følgende måte mellom resultateiningane:



Kartverket fører rekneskap etter to prinsipp, kontant- og periodisert prinsipp (verksemdsrekneskap etter statlege rekneskapsstandardar - SRS). Driftskostnader viser Kartverket sine faktiske kostnader, dvs. inkludert påkomne kostnader i rekneskapsåret, medan driftsutgiftene representerer det som kontant er utbetalt i 2019.

Driftskostnadene er reduserte med 15,9 mill. kroner frå 2018 til 2019. Lønnskostnadene er på nivå med fjoråret. Vi har 24 færre utførte årsverk i 2019 samanlikna med 2018. Dette gjev ein auke i lønnskostnaden per utførte årsverk på 25 000 kroner, og knyter seg i all hovudsak til generell lønsvekst og eit høgare lønsnivå per gjenverande utførte årsverk, samanlikna med 2018. Varekostnadene har auka med 48,6 mill. kroner frå 2018 til 2019, og har samband med ei monaleg auke mengd datafangst til Nasjonal detaljert høgdemodell (Land) og auka aktivitet i Internasjonal teneste knytt til bistandsprosjekt. Avskrivningar på

varige driftsmiddel og immaterielle eigedelar er 8,9 mill. kroner høgare i 2019 enn i 2018. Størst auke er det på avskrivningar knytte til immaterielle eigedelar, som lisensar og programvare. Andre driftskostnader er redusert med 74,2 mill. kroner. Årsaka til nedgangen i andre driftskostnader er at Royalties-utbetalingar i Primarsamarbeidet (Sjø) blir gjort frå valutakonto utanfor statens konsernkontoordning frå 2019, og er såleis ikkje ein del av rekneskapsåret til Kartverket. Kostnader til kjøp av tenester auka med 41,6 mill. kroner frå 2018 til 2019, medan kjøp av tenester til IKT er redusert med 28,7 mill. kroner frå 2018 til 2019. Kostnader til leige av lokale og leige av maskiner, inventar, datamaskiner mv. har auka med 10,8 mill. kroner frå 2018 til 2019. Vi viser elles til note 5 i del VI.

Det er berre mindre endringar i prosentvis fordeling av driftskostnader mellom resultateiningane samanlikna med 2018. Sjødivisjonen har størst nedgang, med 6 prosentpoeng lågare driftskostnader i 2019, som utgjer 84,1 mill. kroner. Dette har samband med Primar, som er omtalt i avsnittet over. Elles har landdivisjonen auka driftsutgifter med 36,5 mill. kroner og IT ein auke på 17,7 mill. kroner. geodesi-divisjonen har auka driftskostnader med 43,3 mill. kroner. Dette kjem av at eininga internasjonale teneste er underlagd Geodesi-divisjonen frå 2019. Internasjonal teneste hadde driftskostnader på 40,5 mill. kroner i 2019. I dei andre resultateiningane er det berre netto mindre avvik frå 2018 når vi ser på driftskostnadene under eitt.

Eit døme på nye fylkeskart frå Kartverket gjevne ut som følgje av kommune- og regionreforma.



Ei samla vurdering av måloppnåing ut frå samfunnsoppdraget og rekneskapsresultatet totalt

Samfunnsoppdraget vårt er gjeve saman med «føremål» i revidert verksemds- og økonomiinstruks av 21. april 2017. Det går ikkje klart fram kva som er høvesvis føremål og samfunnsoppdrag.

Vi meiner det første avsnittet er ganske dekkande for samfunnsoppdraget vårt:

Kartverket er staten sitt fagorgan for kart, geodata og eigedomsinformasjon. Kartverket skal dekke eit felles databehov som mange brukarar har for kart, stadfesting og annan geografisk informasjon. Kartverket skal byggje og vedlikehalde ein nasjonal geografisk infrastruktur for sjø og land, og samarbeide med kommunane, statlege etatar og andre som bidreg til det offentlege kartgrunnlaget. Kartverket skal etablere og forvalte nasjonale kart og register, og gjere desse tilgjengelege for offentlege og private brukarar og ålmenta generelt. Kartverket skal syte for ei effektiv formidling av eigne data og stimulere til auka bruk av geografisk informasjon, i tett dialog med brukarane.

Ei slik oppdragsskildring er rimelig omfattande, og belyser både breidda og djupna som er i oppgåveporteføljen vår. Tildelingsbrevet peikar på oppgåver og område som skal ha særleg merksemd i 2019. Dette er gjort greie for tidlegare i del III, med status på konkrete styringsparametrar og oppdrag. I tillegg er det nokre konkrete føringar som er omtalte. Vi har gjennomgåande oppnådd gode resultat og innfridd dei krava som er stilte. Nokre avvik har vi gjort greie for. Forseinka oppstart av nye antenner i Ny-Ålesund, og mindre ressursinnsats og lågare måloppnåing på matrikkel enn planlagt, kan trekkjast fram som det mest vesentlege. I tillegg er det krevjande å etablere og følgje opp vinstrealisering. Vi har i 2019 lukkast med ein svært god utnyttingsgrad på tildelte midlar på post 01 og 21. Post 30 dreier seg om eit krevjande prosjekt som går over mange år, og avviket har ei grei forklaring. Rekneskapsresultatet vårt er nærare gjort greie for under del VI.



DEL IV STYRING OG KONTROLL I VERKSEMDA

Vesentlege tilhøve / endringar ved verksemda si planlegging, gjennomføring og oppfølging

Kartverket har god styring og kontroll, som er tilpassa eigenarten og behova våre. I 2019 har Kartverket oppnådd alle vesentlege mål og resultatkrav fastsette av eigardepartementet vårt, med unntak av framdrift på nytt jordobservatorium i Ny-Ålesund som er omtalt i del III.

I Kartverket skjer styring og rapportering på åtte resultatansvarlege einingar. Resultateiningane er dei fire divisjonane geodesi, land, sjø og eigedom, og i tillegg IT, tenestene, HR og kartverkstaben. HR vart skilt ut som eiga resultateining i 2019. Frå 1.1.2020 er tenestene og kartverksstab erstatta av ny eining; strategi og verksemdsstyring.

Medarbeidarundersøking

Vi gjennomfører medarbeidarundersøking i Kartverket anna kvart år, og dette vart gjennomført hausten 2019. Totalt 745 tilsette svarte på undersøkinga. Dette gjev ein svarprosent på 87 %, noko som er ein oppgang frå 82 % i førre undersøking frå 2017. 84 % av dei tilsette svarer at dei er stolte av arbeidsplassen sin og 83 % seier at samfunnsoppdraget motiverer dei. Dette er høge og stabile tal samanlikna med undersøkinga frå 2017. Undersøkinga avdekkjer også område som Kartverket kan bli betre på. Dei områda som medarbeidarane skårar lågast, er samhandling på tvers i organisasjonen og samhandling med eksterne aktørar. Det var dei same områda vi skåra lågast på i 2017.

Alle resultateiningane går gjennom rapportane frå medarbeidarundersøkinga, og det blir laga to bevarings- og to forbettringsmål for vidare oppfølging. I regi av Kartverket sitt leiarutviklingsprogram går leiarar på alle nivå gjennom resultatane sine, og det blir utarbeidd utviklingsplanar for kvar enkelt leiar. Undersøkinga viser dessverre at det også førekjem mobbing og trakassering i Kartverket. Dette blir teke på alvor og vil bli jobba vidare med i arbeidsmiljøutvalet (AMU) og i einingane. Kartverket har nulltoleranse for mobbing og trakassering.

Verksemds- og økonomiinstruks

Kartverket fekk ein revidert «Verksemds- og økonomiinstruks» frå KMD i 2017. Det er i 2019 varsla ein ny versjon frå KMD. Denne skal etter planen vere ferdig i 1. tertial 2020, og vi vil i etterkant revidere vår interne verksemds- og økonomiinstruks. Den interne instruksjonen er eit godt hjelpemiddel for å planleggje og styre Kartverket effektivt og føremålstenleg.

Bemannings-, kapasitets- og kompetanse-situasjonen i verksemda

Vi har en stor del faste kostnader, av desse er lønskostnaden den største enkeltposten (jf. nøkkeltal under del II). Vi har derfor sett det nødvendige å ha ei sterkare styring av utviklinga i talet på årsverk. Tiltak som er sette i verk knytt til dette er tilsetjingsstopp frå 1. juli 2018 og aktivering av særavtalen om unntak frå statstilsettelova § 4 frå 1. november 2018. Sistnemnde inneber forenkla sagt at ledige stillingar ikkje må lysast ut eksternt. Begge desse tiltaka er vidareførte i 2019, og har bidrege til auka intern mobilitet og ein vesentleg reduksjon av årsverk totalt sett.

Ny metode for berekning av utførte årsverk er teken i bruk frå 2018 («DFØ-metoden»). I årsmeldinga for 2019 blir årsverk og tilsette rapportert i samsvar med PM-2019-13. Desse tala går fram som ein del av nøkkeltala i del II, men visest også her*.

	2019	2018	2017
Talet på tilsette	878	908	941
Talet på avtalte årsverk	828	853	885
Talet på utførte årsverk	769	793	832

42 tilsette slutta i Kartverket i 2019, mot 51 i 2018. Omfanget av naturleg avgang er stabil, men det er ein liten nedgang i tilsette som har slutta på grunn av jobbskifte eller andre grunnar. Talet på nyttilsette i 2019 var 30, som fordeler seg på 15 faste og 15 mellombelse.

Kartverket har dekkjande kompetanse knytt til dagens oppgaver, men vil nok kome til å trenge større kompetanse innanfor innovasjon og endringsleiing. Som eit tiltak til dette arbeidet vart det vedteke en handlingsplan for innovasjon i 2018, og vi har etablert seks innovasjonsagentar som skal ha spesiell merksemd på tverrfagleg innovasjonsarbeid ved sida av dei andre oppgåvene sine. Målet for innovasjonsarbeidet er at det skal bidra til verdiskaping og effektivisering i Kartverket, og i tillegg utløyse samfunnsnyttig utvikling og moglegheiter. Endringsleiing er sett på dagsorden i dei ulike leiarprogramma som blir gjennomførte

Kartverket har god tilgang på søkjarar ved ledige stillingar. Dette gjeld både fagstillingar og leiarstillingar. Såleis blir vi opplevde som attraktive, men vi opplever samtidig ein aukande konkurranse med privat sektor.

*Utførte årsverk blir også omtalte i del VI årsrekningskapen, oppstilling av artskontorrapporteringa, i noten for utbetalingar til løn, jf. Rundskriv R-115.

Vesentlege personalmessige tilhøve, likestilling, HMS/arbeidsmiljø, diskriminering, ytre miljø og liknande

I toppleiinga til Kartverket er det visse endringar i 2019. Assisterande kartverkssjef slutta i februar 2019, og denne rolla er ikkje erstatta. Oppgåvene vart i hovudsak overtekne av leiar for tenester og stab. HR-direktør er no ein del av leiargruppa, og det same er leiar for tenester og stab. HR vart skilt ut som eiga resultatining i 2019. Frå 1.1.2020 er tenestene og kartverksstab erstatta av ny eining; strategi og verksemdsstyring. Ny direktør for denne eininga er tilsett og byrjar i april 2020. Til slutt må vi også nemne at Johnny Welle i statsråd 22. november 2019, vart tilsett som direktør for Kartverket i eit årsmål på seks år. Tilsetjinga skjer som følge av at årsmålsstillinga til Anne Cathrine Frøstrup går ut 31. mars 2020.

I 2018 starta Kartverket opp «Program for mobilisering og utvikling av leiarar». I 2019 har vi gjennomført tre samlingar for nivå 3-leiarar og gruppa «Ny som leiar i Kartverket». Mange ulike tema har vorte behandla. I tillegg har alle nivå 3-leiarar hatt eigen coach gjennom tre samtalar, medan programmet for «Ny som leiar i Kartverket» har fått tilgang på interne mentorar. Programma har vorte leidde av både interne og eksterne krefter. Dette har vore ein god kombinasjon, noko som er vorte stadfest gjennom positive tilbakemeldingar frå deltakarane.


Kartverksleiinga har starta eit utviklingsløp gjennom Difi sitt utviklingsprogram for toppleiargrupper. Dette blir avslutta mars 2020.

Leiarutvikling (LU) for nivå 4-leiarar vart starta hausten 2019. Det vil seie at vi no har fem ulike LU-program gåande for meir enn 80 leiarar. I tillegg har vi inngått eit samarbeid med Ringerike kommune om eit program for leiartalent. Vi har 14 deltakarar frå Kartverket på dette programmet, og har så langt hatt éi samling.

Sjuefråværet for 2019 har gått ned med 0,59 prosentpoeng samanlikna med 2018. Totalen for 2019 enda på 5,16 %. Det langsiktige målet om å kome ned på 5 % ligg framleis fast, og det er hyggeleg å sjå den positive utviklinga i 2019.

Kartverket har ei nærværsguppe med representantar frå vernetenesta, tillitsvalde, leiinga, NAV og bedriftshelsetenesta. Gruppa har i 2019 hatt kurs for leiarar, tillitsvalde og verneombod. Det har vore gjennomført 12 seminar som har sett i gang refleksjonar over eigen situasjon og relasjonar på jobben. Det blir arbeidd vidare med nærvær i einingane, på einingsmøte og i grupper.

SJUKEFRÅVÆR



HMS-arbeidet i Kartverket følgjer eit fast årshjul. Arbeidsmiljøundersøking, medarbeidersamtalar og vernerundar blir gjennomførte i samsvar med årsplanen. Verneombodsamlinga vart i år gjennomført i Hønefoss med god deltaking frå verneombod og HMS-rådgjevarar. Det er eit godt samarbeid mellom verneombod og arbeidsgjevarar på alle nivå i organisasjonen.

Kartverket har eit eige AKA-utval (Akan – Arbeidslivets kompetansesenter for rus- og avhengighetsproblematikk). Det har ikkje vore nokon konkrete saker/tilfelle i 2019.

Nye varslingsrutinar og etiske retningslinjer vart slutførte i 2019. Kartverket har innført «Mitt varsel», eit eksternt varslingsssystem som skal gjere det enklare og sikrere å varsle om kritikkverdige forhold. Det har vore ei varslings sak i 2019 som er behandla og lukka.


Kartverket hadde ingen diskriminerings saker i 2019 (kjønn, etnisitet eller alder). Kartverket er medvitne om ansvaret vårt når det gjeld likestilling (kjønn, etnisitet og funksjonsevne), både ved stillingsutlysingar og tilsetjingar.

I Kartverket har vi 80 medarbeidarar med utanlandsk opphav, av desse 36 personar med ikkje-vestleg bakgrunn. Dette er ein liten auke frå 2018. Vi opplever ei stor interesse for fagområda våre, og vurderer at Kartverket er ein attraktiv arbeidsplass, også sett frå eit internasjonalt perspektiv.

Ved utgangen av 2019 er kjønnsfordelinga 46 % menn og 54 % kvinner. Denne fordelinga har vore stabil dei siste åra. Fleire detaljar om kjønnsfordeling og likestilling finst i eige vedlegg.


Gjennomsnittsalderen i Kartverket er 47,8 år. Det er ein liten auke frå førre år. Etter vår eiga vurdering har vi ein god seniorpolitikk. Ein indikator på dette er tal frå Statens Pensjonskasse, som viser at Kartverket har ein høg gjennomsnittleg avgangsalder samanlikna med andre offentlege verksemdar. På bakgrunn av aldersprognosen framover forventar vi ein vidare auke i gjennomsnittsalderen.

ALDER SNITT 2017–2019



Kartverket har over lengre tid hatt ein stabil og låg turnover, stort sett mellom 4 og 6 %. Ein turnover noko over 6 %, vil etter vår oppfatning vere sunt for Kartverket. Snittalder saman med turnover er nyttige indikatorar, som gjev oss betre grunnlag for å vurdere tiltak overfor ulike grupper. Det vart rapportert feil tal for turnover 2018 i årsmeldinga i fjor. Vi rapporterte 4,9 %, medan det korrekte var 6,0 %.

TURNOVER 2017–2019 I %



Organisasjonsendringar

I 2019 vart det gjennomført ein OU-prosess innanfor området i økonomi og verksemdstyring. Bakgrunnen for dette er at Kartverket har gjennomgått store endringar som nytt forretningssystem, ny tilknytingsform og ny økonomimodell og krav om auka digitalisering, automatisering og effektivisering. Prosjektet vart gjennomført i perioden 1. april til 30. september og prosessen vil halde fram i 2020. Implementering av ny organisering attåt rekruttering av nye avdelingsdirektørar, vil ha stor merksemd.

I tredje tertial vart det gjennomført ein OU-prosess i IT-avdelinga. Bakgrunnen er blant anna ein monaleg auke av talet på medarbeidarar dei siste åra, og nye behov i samband med «Sikkerhet 2021». Ny struktur for IT vart klart rett før jul. Prosessen vil halde fram dei første månadene i 2020 der det vil bli rekruttert leiarar til stillingar som avdelingsdirektørar og seksjonssjefar.

Det er elles gjort interne struktur- og organisasjonsendringar i både sjødivisjonen, eigeomsdivisjonen og fellestenesta.

Inkluderingsdugnaden

Ei fellesføring i tildelingsbrevet for 2019 gjekk ut på å realisere regjeringa sin inkluderingsdugnad. Gjennom 2019 har Kartverket arbeidd for å innfri målet om at minimum 5 % av nyttilsetjingar i staten skal vere personar med nedsett funksjonsevne eller hol i cv-en. Vi oppnådde 5 %-målet i 2019 med god margin. Vi meiner at deltaking i traineeordninga, nye rutinar for å vurdere søkjarar og kompetanseheving om intervju situasjonen er tiltaka som har bidrege mest til at vi har nådd målet.

Kartverket hadde 30 tilsetjingar i 2019, fordelt på 15 faste og 15 mellombelse stillingar. Fire tilsetjingar kjem inn under krava i inkluderingsdugnaden. Tre av dei nyttilsette har nedsett funksjonsevne og éin har kombinasjon av nedsett funksjonsevne og hol i cv.

TILSETJINGAR	2019
Nytilsetjingar totalt	30
Nytilsette i målgruppa	4
Delen nyttilsette med nedsett funksjonsevne eller hol i cv-en	13 %

Delen nyttilsette innanfor målgruppa

- Kartverket har ikkje gjort nokon tilsetjingar av personar med nedsett funksjonsevne eller hol i cv-en i faste stillingar i 2019
- Kartverket har gjort 4 tilsetjingar i mellombelse stillingar
- Kartverket har ein deltakar i Traineeprogrammet i staten for personar med nedsett funksjonsevne og høgare utdanning, som starta opp hausten 2019
- Kartverket har ikkje hatt nokon tilsette med nedsett funksjonsevne eller hol i cv-en, som har fått fast stilling etter treårs-regelen i 2019

Tiltak

- Kartverket har hatt ein gjennomgang av heile rekrutteringsprosessen med tanke på inkludering. Som følgje av dette er vi meir medvitne om kva vi søker etter av personlege eigenskapar i annonsane. Vi er vortne meir medvitne dei som kryssar av for nedsett funksjonsevne, og kallar dei inn dersom dei er kvalifiserte. Det er ikkje alle som kryssar av for nedsett funksjonsevne, og vi kunne teke inn fleire til intervju dersom alle med nedsett funksjonsevne seier frå om dette. Vi er veldig glad for at det kom ein utvida definisjon av hol i cv, det har gjort det enklare å gjere vurderingar.
- Kartverket annonserer alle stillingar som er aktuelle, på www.jobbforalle.no
- Ein HR-rådgjevar har delteke på alle samlingane Difi har arrangert i samband med inkluderingsdugnaden
- Inkluderingsdugnaden har vore agenda på leiarmøte
- Kartverket deltek i Traineeprogrammet som omtalt ovanfor

Risikostyring

Risikostyring er ein integrert del av verksemdstyringa og blir følgd opp i mål- og resultatstyringa gjennom året, både i verksemdsplanar og tertialrapporteringar. Risikovurderingar og risikoreduserande tiltak til resultateneiningane blir drøfta på tertialvise dialogmøte og elles etter behov. I 2019 gjennomførte vi risikostyring på 58 prosjekt/oppdrag knytte til mål sette i verksemdsplanane. Dette er om lag på same nivå som dei to føregåande åra. I Kartverket driv vi risikostyring primært på oppdragsnivå, og på eit utval av prioriterte og viktige prosjekt. I desse prosjekta gjennomfører ein også risikostyring i tråd med rammeverket vårt for prosjekt- og porteføljestyling. Det vil blant anna seie månadleg rapportering til porteføljestyret der risiko er ein av seks parametarar. Under kvart prosjekt/oppdrag blir mål, styringsparameter og risiko for manglande måloppnåing gjevne opp. Deretter blir moglege tiltak identifiserte. I prinsippet er det fire val for korleis ein skal handtere risiko:

- akseptere risikoen
- dele risikoen
- unngå risikoen
- redusere risikoen

I instruksjonen vår heiter det at Kartverket i tertialrapportane skal gjere greie for risikovurderingar og eventuelle risikoreduserande tiltak knytte til vesentlege risiko. Vi følgjer dette spesielt opp i 1. tertial, der det vart vurdert

- om det er sett klare mål for arbeidet i 2019
- om det finst dokumenterte og oppdaterte risikoanalysar som vurderer risiko for måloppnåing
- kva slags kvalitet risikoanalysen har

Etter 1. tertial var vurderinga vår at det overordna sett var fire risikoområde med høg risiko som Kartverket ville ha spesiell merksemd på resten av året (sitat).

- *Prosjekt nytt jordobservatorium (teknisk risiko, leverandørrisiko, kompetanse/ressursar)*
- *Stadnamn (kritisk med ressursar p.t, interne omdisponeringar frå 2. tertial)*
- *Sentral FKB (med tanke på mål om betre, utvida funksjonalitet)*
- *Vegnett (kritisk med ressursar p.t. - 2 x stillingsannonser er no ute)*

Overordna økonomistyring er også eit område med høg risiko. (mindre ressursar og større risiko/sårbarheit i den samanhengen).


Ved utgangen av 2. tertial var status i hovudsak den same, men fleire tiltak tok til å verke. Ved årsslutt kan ein sjå ei tydeleg positiv endring med tanke på måloppnåing for to av desse. Tiltak for å styrkje ressursituasjonen har hjulpet vesentleg for både «stadnamn» og «vegnett». Under Sentral FKB har det i 2019 overordna sett vore ei veldig positiv utvikling, men på måla våre om betre/utvida funksjonalitet er det låg måloppnåing. Det er i stor grad eit styrt avvik, då det både frå Kartverket sjølv og sentrale systemleverandørar, har vore nødvendig å prioritere ressursinnsatsen på arbeid med kommune- og regi-onreforma. For prosjekt nytt jordobservatorium har vi ikkje fått gjennomført verknadsfulle tiltak, og måloppnåinga har ikkje vore som forventa. Samtidig er dette eit område der vi i stor grad også må akseptere høg risiko. Overordna økonomistyring har hatt spesielt høg merksemd i 2019, og trass i ein krevjande ressursituasjon, har ein fått gode resultat. Høg utnyttingsgrad, som omtalt elles i årsmeldinga, er ein god indikator på det.

IT- infrastruktur

Vi vurderer IT-infrastrukturen i Kartverket til å vere robust, fleksibel og med eit tilfredsstillande tryggingnivå. Likevel ser vi at trusselnivået i samfunnet generelt er aukande, slik at vi heile tida må jobbe med forbetringar og ny teknologi.

«Organisk vekst» i talet på tenarar og lagringsbehov er så høg at vi heile tida må vere merksame på dette. Med «organisk vekst» meiner vi datavekst som følgje av normal produksjon. På toppen kjem nye og større satsingar som ny detaljert høgdemodell. Det er gjort monalege investeringar på dette området i 2019. Dette er omtalt nærare under investeringar i del III. Diagrammet viser utviklinga i lagringskapasitet målt i terrabyte (TB) dei siste åra.

LAGRINGSKAPASITET I TB



Internkontroll og kvalitetsstyring

Kartverket sitt system for internkontroll baserer seg i hovudsak på standardar for styringssystem, blant anna ISO 9001 og ISO 27001, som i liten grad avvik frå rettleiaren for internkontroll frå DFØ. Kartverket bruker «TQM forbetring» som verktøy for avvikshandtering og forbetring. Status for avvik og forbetningsframlegg blir brukt som del av ordinær verksemdstyring, til dømes i tertialoppfølging eller i avdelingsmøte. Det er framleis skilnader i graden av kor modne dei ulike einingane våre er innanfor systematisk forbetring. Eigeomsdivisjonen har arbeidd med å få opp registreringsgraden og ser ut til

å ha lukkast med det. Sjødivisjonen, som i lengre tid har vore ISO-9001-sertifisert, registrerer aktivt avvik og gjer analysar for å finne forbetningsområde. Dei andre einingane bruker dessverre systemet i så liten grad at det ikkje gjev tilstrekkeleg styringsinformasjon på kvalitetsområdet.

Kartverket gjennomfører internrevisjonar i tråd med retningslinjer frå DFØ og Finansdepartementet (ref. rundskriv R-117). Internrevisjonen er gjennomført i heile Kartverket sidan 2011 som eit ledd i Kartverket sitt arbeid med kvalitetsstyring. Internrevisjon inngår som eit av leiinga sine verkemiddel til kontroll, oppfølging og forbetring. Det vart utarbeidd eit revisjonsprogram for 2019 basert på risiko og kor vesentleg noko er, som følgde dei nye retningslinjene frå DFØ. Kartverket bruker ISO 19011 som standard for internrevisjon, men legg også til grunn standardar frå IIA (Institute of Internal Auditors) der det er passande.

Kartverket hadde i 2019 eit revisjonsprogram med 15 planlagde internrevisjonar. Av desse vart ni revisjonar utførte, men det ligg så langt føre berre fem rapportar. Sjødivisjonen har gjennomført ISO-9001-revisjonar og ISM-revisjonar stort sett i samsvar med planen. Vi er ikkje nøgde med den låge gjennomføringsgraden når det gjeld dei interne revisjonane våre, og erkjenner at dette treng vidare oppfølging i 2020. Det er også delvis eit uttrykk for i overkant høge ambisjonar. Noko kjem også av at leiar for intern revisjon i Kartverket slutta på hausten.

Det er også verd å nemne at det er gjort ei anna strukturendring i 2019, der tre roller som tidlegare har vore hos éin person, no er fordelt på to personar. Rollene som kvalitetsleiar og leiar for intern revisjon er no plassert hos éin person, medan rolla som tryggleiksleiar er hos ein annan.

Alle einingane gjennomfører årleg gjennomgangen frå leiinga for både kvalitet og tryggleik, og rapportane frå einingane blir brukte som grunnlag for ein samla gjennomgang på kartverksnivå. Ein av konklusjonane frå gjennomgangen i 2019 er at det er behov for å forenkle og strukturere dei interne styrande dokumenta i Kartverket. Det blir gjennomført risiko- og sårbarheitsanalysar i alle einingar, men funn frå desse analysane blir følgde opp i varierende grad. Vi erkjenner at vi må utvikle ROS-analysar til å bli eit betre styringsverktøy.

Prosjekt og oppstarta tiltak knytte til verksemda sine system (for styring og kontroll)

Vi har no nokre års erfaring med Agresso som forretningssystem i Kartverket. Vi har bygd opp kompetanse og hausta nyttige erfaringar i bruken av systemet. Vi har likevel ikkje oppnådd fullt ut den forbetringa vi har ønskt, særleg ikkje med tanke på å utnytte systemet og informasjonen betre som eit verkøy for styring og kontroll. Det er nødvendig å sjå nærare på heilskapen av systema våre for styring og kontroll, med sikte på ytterlegare optimalisering. På sikt ønskjer vi å undersøkje utsiktene til å innføre eit heilskapleg system/verktøy for verksemdsstyring. Det har ikkje vore rom for å gjere dette i 2019, sjølv om det har vore drøfta som ein del av tidlegare omtalt OU-prosess på området økonomi- og verksemdsstyring.

Vi har hatt porteføljestyling med månadleg oppfølging av eit utval viktige prosjekt frå 2017. Det har berre vore mindre tilpassingar i 2019, medrekna eit oppdatert verktøy.

Forvaltninga av egne eigedelar (materielle verdier)

Kartverket har eit eige materiellrekneskapsregister som frå og med 2014 er integrert i forretnings-systemet vårt, Agresso.

Oppfølging av avdekte svake sider / utfordringar, under dette merknader frå Riksrevisjonen

Kartverket har fått ei umodifisert revisjonsmelding frå Riksrevisjonen for årsrekneskapa for 2018. Det er fin tilbakemelding, sjølv om vi erkjenner behov for forbetringar i økonomistyringa vår. Det er arbeid godt med analyse av årsaker til den låge utnyttingsgraden i fjor, og vi opplever at fokus og innsikt i økonomistyringa er styrkt. Kartverket har gjennom 2019 hatt jamleg kontakt med Riksrevisjonen i samband med Riksrevisjonen sin ordinære rekneskapsrevisjon av Kartverket. Tilhøve som har kravd oppfølging frå vår side er fortløpande følgde opp og svart ut.

Ut over det som er nemnt over, har vi sjølvsagt mange andre utfordringar i Kartverket der vi ønskjer å forbetre både prosessar og resultat. Her kan det mellom anna visast til omtale av somme avvik i del III. I denne samanhengen vel vi å trekkje fram to område særleg:


EINSKAPLEG STYRING INTERNT

Over fleire år har vi jobba med å endre styringa av Kartverket frå eit system med autonome divisjonar til meir heilskapleg, felles og overordna styring. Dette arbeidet skjer på mange nivå, frå Kartverket si leiargruppe til praktisk verksemdsstyring. Etablering av sams styringsprinsipp er noko som har fått auka merksemd. Overgang til SRS og ny tilknytingsform har på mange måtar tvinga oss til å forsterke innsatsen på dette området. Det er framleis store utfordringar som står att, noko som i 2019 mellom anna er adressert gjennom tidlegare omtalt OU-prosess på området økonomi- og verksemdsstyring.

HØGT SJUKEFRÅVÆR I EIGEDOMSDIVISJONEN

Denne divisjonen har alltid hatt eit høgare sjukefråværrate enn dei andre divisjonane. Det er fleire naturlege forklaringar, spesielt at det er høg kvinnedel (ca. 83 %). Dette er langt høgare enn kvinnedelen på landsbasis (47 % jf. Arbeidskraftundersøkinga frå SSB). Det er eit klart mål for oss å redusere sjukefråværet, og det er jobba systematisk og godt med dette i mange år. Det er då svært hyggeleg å sjå den positive utviklinga i 2019, der sjukefråværet er på eit rekordlåg nivå. Vi følgjer utviklinga i sjukefråværet tett og har god dialog med både bedriftshelsetenesta og dei sjukmelde. Vurderinga vår er at sjukefråværet i liten grad er arbeidsrelatert. Det er elles verdt å merke seg at tala frå og med 2017 ikkje heilt kan samanliknast med tidlegare tal, på grunn av organisasjonsendringar. Vi kan leggje til at einingar skårar bra på arbeidsmiljø, og generelt leverer svært gode resultat.

SJUKEFRÅVÆR EIGEDOMSDIVISJONEN I %



Tryggleik og beredskap

Kartverket sitt risikonivå og tryggleikstilstand er i 2019 om lag på same nivå som 2018, men 2019 har vore prega av særleg tre saker:

- Etablering og arbeid med delprosjekt under prosjekt «Sikkerhet 2021 – helhetlig tilnærming til cybersikkerhet som en del av virksomhetsstyringen i Kartverket»
- Bortfall av 24/7 vaktordning i Stavanger, der sjødivisjonen er lokalisert
- Kontinuerleg arbeid med styringssystem for informasjonstryggleik i tråd med ISO 27001

Det eksterne trusselbiletet endrar seg, og trusselnivået for Kartverket aukar / endrar seg i takt med dette. Kartverket har definert at den dimensjonerande trusselen er andre statlege aktørar. Sjølv om vi betrar tryggleiksstyringa og gjennomfører tryggingstiltak, er det ein krevjande balanse opp mot dagleg drift. Kartverket set i verk ei rekkje omfattande tiltak for å løfte IKT-tryggleiken til eit høgare nivå gjennom prosjektet «Sikkerhet 2021».

Fysisk sikring i etterkant av sikringsrisikoanalyse (SRA) både for Hønefoss og Stavanger er kostnads-krevjande, og vesentlege forbetringar er gjennomførte i 2019. Forbetringane vil framleis gå over fleire år. Bortfall av 24/7 vaktordninga i Stavanger med nye tryggleikskompenenserande tiltak forsterkar dette biletet.


Interne avvik, revisjonar og tryggleiksgjennomgangar viser at det framleis er behov for å auke tryggleiks-medvit og risikoforståing i heile Kartverket, i tillegg til ordinær tryggleiksopplæring. Dette er blant vesentlege element i delprosjekt 2 og 3 i «Sikkerhet 2021».

Kartverket har stor reiseaktivitet også til utlandet. Det vart gjennomført eige kurs i tryggleik ved reiser i 2018 – dette vart tett følgt opp i 2019. Merksemd om og etterleving av interne rutinar er vesentleg betra i 2019.

Det vart i 2019 gjennomført ei beredskapsøving med tema «Personalopplysningar på avvegar».

Tidlegare funn frå tilsyn hos leverandørar, og andre registrerte tryggleikshendingar knytte til leverandørar, viser at leverandørtryggleik har høg risiko på strategisk nivå, og må følgjast opp. Det er gjennomført eit leverandørseminar om tryggleik i samarbeid med NSM.


Meir informasjon finn du i eige vedlegg om tryggleikstilstand og eige vedlegg med overordna ROS-analyse. IT-tryggleik er også omtalt tidlegare i rapporten under del III.



4. APRIL 2019

kartverket_insta Vi vant pris for beste papirkart under Geomatikkdagene! Jippi 🎉🏆 Vi sender også gratulasjoner til resten av prisvinnerne 🥰👏

@pabjorklund
#altskjeretsted #geomatikkdagene #sundvolden
#ringerike #konferanse #bransjetreff #vinnere
#geomatikk #geodata #diplom #premie



DEL V VURDERING AV FRAMTIDSUTSIKTER

Årsmeldinga gjev ei god oversikt over status i Kartverket pr. 31.12.2019. Korleis ser så framtidsutsiktene ut?

Overordna moglegheitsrom

Vi er i ein periode i historia der staddata er meir relevant enn nokosinne. Både eigenproduserte data og data produsert saman med kommunane blir meir og meir brukte. I tillegg kjem data vi formidlar saman med andre, gjennom portalen Georange. Vi byggjer stadig nye, digitale løysingar for brukarar, anten innanfor eige fagområde slik som SeHavniva, eller saman med andre, slik som Ny publikumsportal. Her samarbeider vi med både offentlege og private brukarar for å gjere eigedomshandel enklare gjennom auka digitalisering. Vi har aukande oppslutning om portalen Georange og blir sett på som ein stadig meir relevant koordinator innanfor geodata.

Vi ser ei klar dreining frå tidlegare der Kartverket sine leveransar først og fremst vart rekna for å vere kartbasert og tinglysing, og med data som først og fremst var til å handtere i hovudsak for profesjonelle, til at dataa blir etterspurde og brukte i stadig større grad av både næringsliv, offentlege verksemder og ikkje minst av innbyggjarane. I tillegg opplever vi at Kartverket er ein etterspurd samarbeidspartnar både

nasjonalt og internasjonalt. Vi leverer med kvalitet og er til å lite på, og evnar også å fornye oss i pakt med nye brukarbehov.

Vi ser denne dreininga også ved at vi no leverer data og tenester som blir meir relevante inn i kunnskap og forvaltning på nye område, anten det er til auka klimakunnskap eller presise posisjonstenester som støtte for framtidige førarlaus bilar.

Det ligg eit stort potensial i å utnytte den teknologiske utviklinga og mangfaldet av geografiske data til effektivisering og verdiauke i samfunnet. Kartverket må halde fram å samarbeide godt med både private og offentlege aktørar for å forstå opningane, belyse potensial og samfunnsøkonomiske vinstar og å rigge dei nødvendige aktivitetane for å hente det ut. Dette gjev store utsikter for Kartverket framover.

For å lukkast inn i framtida må også ulike utfordringar handterast. Kartverket oppsummerer her nokre av utfordringane våre med å nå måla våre.

Avhengnader av andre aktører

Kartverket samarbeider tett med DiBK, KS, NTNU, kommunar og andre statsetatar med spennande nye teknologiske alternativ som utnytting av bygnings-informasjonsmodellar (BIM) i oppdatering av kart- og matrikkel og uttesting av kunstig intelligens, maskinlæring og «deep learning». Dette er verke-middel som vil kunne automatisere og digitalisere eksisterande prosessar og som vil opne opp for spennande forskning og utvikling.

Et anna spennande tema som ein er i innleieand utforsking av, er handtering av punktskyer og data frå sensorar i bl.a. bilar og mobiltelefonar.

Viljen og evna aktørane har til å prioritere tiltak som vil auke digitaliseringsgraden, knytt til matrikkel og tinglysing, er eit vesentleg usikkerheitsmoment. Elektronisk tinglysing er ikkje obligatorisk, og det er heller ikkje vurdert eller skissert monalege økonomiske stimuleringstiltak for å få brukarane over på ordninga. Gebyrdifferensieringa som blir innført frå 2020 vil neppe gje stor effekt. Digitaliseringsgraden har auka noko i 2019, men er framleis berre på 42 %. Vi vil framleis arbeide nært med brukar-gruppene for å motivere dei til å ta den nye løysinga i bruk, men her kan det vere at ytterlegare tiltak vil bli naudsynte, for å kunne realisere dei forventane vinstane. Realisering av ein publikumsportal, og endringar i finansavtalelova vil på sikt auke digitaliseringsgraden vår. Ein offentleg digital infrastruktur for digital eigedomshandel og e-tinglysing gjennom Altinn har stort potensial. Eit slikt system skal leggje til rette for kommunikasjon og kopling av fleire dokument i ein eigedomshandel i framkant av tinglysing. Realisering av dette avheng av bransjen og ut i frå den informasjonen vi har kjennskap til, vil det ta lengre tid enn først føreset.

«Lov om informasjon om bestemt angitte områder, skjermingsverdige objekter og bunnforhold» vart sett i kraft 1. oktober 2017. Dette gjeld regelverket om korleis sjømåling skal gjerast, og kva slags type data som skal vere tillate å formidle vidare. Forskriftsarbeid vart starta kort tid etter, men arbeidet dreg ut i tid. Dette gjev ein uklar rettsstilling, som gjer det vanskeleg for brukarar og Kartverket. Kartverket vet ikkje kva reglar som skal gjelde, og då blir det krevjande å vareta det myndet vi har til å handtere dette regelverket.

Statens Vegvesen (SVV) står overfor endringar som vil påverke blant anna arbeidet vårt med vegdata. Stillingar i SVV blir overførte til fylkeskommunane.

Sjølv om NVDB-miljøet (Nasjonal vegdatabank) ser ut til å vere lite påverka så langt, kan det innebere reduserte rammer i SVV. SVV har til no betalt alt av utvikling av produktbasen, medan Kartverket har bidrege med innhald (data). Arbeidet vårt på området intelligente transportsystem er også prega av om-organiseringa i Statens vegvesen. Det har gjort det krevjande å etablere samarbeidsprosjekt med SVV.

Vi legg mykje ressursar i å etablere eit moderne jordobservatorium i Ny-Ålesund. Økonomiske utfordringar hos NASA, med for lite pengar/låg prioritet til prosjektet for utvikling av lasermålar til bruk for rekognisering av jordobservasjonssatellittar (SLR) kan bli utfordrande for prosjektet i Ny-Ålesund. Dette er forhold utanfor vår kontroll, sjølv om vi legg mykje arbeid i å følgje opp NASA. Det er også kravd auka internasjonalt samarbeid på andre arenaer for å få full utnytting av det nye observatoriet.

Politikk og reguleringar

«Open data and the reuse of public sector information», tidlegare kjent som PSI-direktivet, er godkjent av EU-parlamentet. Endringsdirektivet kan resultere i krav om auka grad av gratis data. Det vil kunne gje auka incitament på løysingane våre for deling av data, og vidare utvikling av moderne, framtidrette tenester. Gratis eigedomsdata og posisjonsdata er positivt for vårt mål om auka bruk, auka innovasjon mv. Samtidig vil dette kunne påverke rammene for Geovekst-samarbeidet, og andre utfordringar for Kartverket så lenge vi er påkravde å syte for formidlingsinntekter for å halde tilfredsstillande finansiering ved lag.

Norsk bistandspolitikk kan endrast på forholdsvis kort varsel – eksempelvis tek Høyre no til orde for dreining frå meir tradisjonell bistand til klimatilak. Vi har notert oss at det vart lagt fram ei ny stortings-melding før jul – Meld. St. 11 (2019–2020) Digital transformasjon og utviklingspolitikken. Noreg skal gå i bresjen for å dele digitale gode og bidra til at utviklingslanda får ta del i dei opningane innovasjon og ny teknologi gjev. Dette kan gje auka rom for at vi kan gjennomføre prosjekt, men kan også påverke innhald og utforming innanfor arbeidet vårt med bistand på oppdrag frå UD.

Det er aukande konkurranse i marknaden for posisjonstenester. Fleire aktørar vil kjøpe grunndata og tilby eigne posisjonstenester. Dette gjev god brukarvekst og er i tråd med måla våre. Det kan likevel gje lågare inntekter samla sett i åra som kjem.



Lansering av konsept for heldigital eigedomshandel i mars. Frå venstre administrerende direktør Christian V. Dreyer i Eiendom Norge, Altinn-direktør Cathrine «Cath» Holten, digitaliseringsminister Nikolai Astrup, moderniseringsminister Monica Mæland, direktør Jan Digranes fra Finans Norge, juridisk direktør Jens Christian Leonthin i Kartverket og seniorrådgiver Frank Åseli fra Altinn/Brønnøysundregistrene.

På oppdrag frå KMD har vi utgreidd utsiktene for at Havforskningsinstituttet skal overta drifta av sjømålingsskipet «Hydrograf». Ei eventuell overføring av drifta av Hydrograf til HI vil påverke oss i 2020 og vidare framover. I 2020 vil det jobbast med det førebunde arbeidet. Overføringa av drifta vil også føre med seg nokre endringar i organisasjonen på land. Vi må styrkje rolla som bestillar av sjømåling monaleg ettersom noko av den fleksibiliteten vi har i dag, vil forsvinne. Vidare vil vi ikkje ha behov for reiar eller teknisk inspektør. Alle desse organisatoriske endringane må planleggjast godt for å sikre ein mest mogleg smidig overgang til ny ordning.

Vi vil måtte reforhandle avtalen om sjømåling Kartverket har med Kystverket. Ein revisjon av avtalen er planlagt gjennomført innan utgangen av juni 2020. Arbeidet vil leiast av Kystverket som eig målebåten Anda. Dette kan medføre ei endring i inntektsgrunnlaget til Kartverket.

Store prosjekt

Kartverket ønskjer å etablere ny formidlings- og infrastrukturlysing for marine og maritime data. Målet er betre brukarløysingar. Dette vil påverke Kartverket dei neste tre til fem åra. Dette vil medføre vesentleg fornying av produksjonsprosessen vår, og dermed også organisasjonen vår. Dette krev god leiing, god kommunikasjon i prosjektet, og at organisasjonane blir involverte aktivt gjennom heile prosjektperioden. Dette blir eit stort løft også digitalt og økonomisk. Finansiering må sikrast.

Interne forhold

Vi gjennomførte i 2019 eit større OU-prosjekt innanfor einingane økonomi, verksemdsstyring og innkjøp, og fekk etablert gode organisatoriske strukturar som skal fungere frå 1.1.2020. Det er det lagt store ambisjonar for området verksemdsstyring i Kartverket. Effekt her avheng i stor grad av tydeleg og god etterleving av styringsprinsipp, kompetanse, tilrettelegging og evne til samarbeid på tvers i Kartverket om strategi, mål, aktivitetar og ressursfordeling.

Rapporten frå Oslo Economics som vart lagd fram hausten 2019 skisserer eit potensial for at Kartverket sjølv kan omdisponere ressursar til ny utvikling. Å omsetje forslag til felles prosessar og konkret handling krev evne og vilje til omstilling på alle nivå.

Vi har arbeidd for å styrkje og utvikle IT-kompetansen i Kartverket. Dette er påkravd både av omsyn til drift og utvikling, og i lys av utfordringsbiletet. Både auka krav til tryggleik og behov for å tilpasse seg framtidige skyløysingar må handterast, samtidig som vi også ønskjer å ha eigen utviklingskompetanse innanfor kjerneområda. Gjennom betra finansiering er det ønskeleg å styrkje utviklingskapasiteten.

Avslutning

Gjennom historia har det vore ulike utfordringar for Kartverket. Kartverket har alltid evna å kome vidare. Når ein er klar over utfordringsbiletet, er det lettare å lage planar basert på gode analysar. Vi vil halde fram tillitsbasert og godt samarbeid med eksterne aktørar, og arbeide aktivt med at våre data skal bli endå betre og lettare tilgjengelege.

Målet er at innbyggjarar, næringsliv og offentleg verksemd skal ha auka nytte av dei data og tenester Kartverket leverer, enten åleine eller saman med andre.

#altskjeretsted




kartverket_insta
@kristinskjervem




kartverket_insta
@elin_aasheim



kartverket_insta
@glalaksen



kartverket_insta
@gtreange



kartverket_insta
@kristinskjervem




kartverket_insta
@pabjorklund




kartverket_insta
@kristinskjervem



kartverket_insta
@boknafjorden



kartverket_insta
@jonrlie



Leiingskommentarar

Føremål

Kartverket er eit bruttobudsjettert forvaltningsorgan underlagt Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD). Kartverket sine hovudoppgåver er å samle inn, systematisere, forvalte og vidareformidle nasjonale register for offentleg eigedomsinformasjon og stadnamnregister. Kartverket har også eit ansvar for samordning av arbeidet med den geografiske infrastrukturen i landet gjennom rolla som nasjonal geodatakoordinator, attåt produksjon og forvaltning av nasjonale digitale kartseriar for land og sjø, og ansvar for drift av kartserien for heile landet.

Stadfesting

Årsrekneskapen til Kartverket er avlagd i høve til regelverk og vilkår for økonomistyring i staten, rundskriv frå Finansdepartementet, verksemds- og økonomiinstruks frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet, samt Kartverket sin interne verksemds- og økonomiinstruks.

Årsrekneskapen til Kartverket er fullstendig og gjev eit dekkjande bilete av Kartverket sine disponible løyvingar, rekneskapsførte utgifter og kostnader, inntekter, eigedelar og gjeld.

Økonomiske rammer og vesentlege forhold

Kartverket har, som i føregåande år, hatt stor merksemd om økonomi i 2019. Kartverket endra tilknytingsform frå forvaltningsbedrift til bruttobudsjettert forvaltningsorgan i 2017. Dei tre åra med endra tilknytingsform har gjeve oss stadig betre grunnlag for oppfølging og styring etter nye prinsipp, der kontantprinsippet er det viktigaste styringsprinsippet. Kartverket fører i tillegg ein intern verksemdsrekneskap basert på dei statlege rekneskapsstandardane (SRS), og erfarer at styring etter to ulike prinsipp kan opplevast utfordrande i dagleg rapportering og styring.

Kartverket opplever økonomiske rammer som stadig blir strammare. Det har derfor vore heilt nødvendig for Kartverket å tilpasse aktiviteten til det nye utfordringsbiletet. Dette medfører bl.a. strammare prioritering av nye satsingar og investeringar, samtidig med ein konstruktiv gjennomgang av kostnadsbiletet med føremål å redusere dei faste kostnadene for å gje eit større økonomisk handlingsrom. Best mogleg utnytting av tildelt ramme under desse nye føresetnadene er utfordrande. Som ein konsekvens av dette har Kartverket hatt større overføringar av ubrukte midlar dei to føregåande åra. I 2019 har Kartverket

likevel styrt mot marginal overføring av ubrukte midlar til neste budsjettår. Rekneskapen for 2019 viser ei overføring på til saman 14,8 mill. kroner, som er 1,7 % av løyvinga for 2019.

I samband med oppgjer av forvaltningsbedriftsmodellen 2016 til 2017 vart Kartverket si løyving fordelt på kap. 595, postane 01-driftsutgifter og 21-spesielle driftsutgifter. Ved årsoppgjeret i 2018 erfarte vi at denne fordelinga mellom postane ikkje samsvarer med Kartverket sine aktivitetar. I revidert nasjonalbudsjett (RNB) for 2019 fremja vi derfor, og fekk gjennomslag for, ei overføring av 100 mill. kroner frå post 01 til 21 for å reflektere den faktiske budsjettsituasjonen.

I tillegg fekk Kartverket i RNB 16 mill. kroner i auka løyving til kjøp av laserdata til nasjonal detaljert høgdemodell (mot redusert løyving i 2021) over kap. 595, post 21, 15,3 mill. kroner i auka løyving til styrkt arbeid med IKT-tryggleik og heving av kvaliteten på fleire av tenestene som blir tilbydde innbyggjarane og 9,2 mill. kroner i auka inntekter frå kap. 3595, post 02 som følgje av auka bruk av posisjonstenesta CPOS som gjev tilsvarande auka utgiftsrammer under kap. 595, post 21.

I nysalderinga fekk Kartverket justert utgiftsramma si ved utløyning av meirinntektsfullmakta, basert på Kartverket sin prognose per 2. tertial. Dette utgjorde 58,087 mill. kroner på kap./post 595.01 og 38,725 mill. kroner på kap./post 595.21. Kartverket spelte i tillegg inn ein forventet auke i gebyrinntektene på 8,553 mill. kroner (kap. 3595, post 01)

Kartverket fekk i 2017 fullmakt til å opprette valutakonto i USD for inn- og utbetalingar i Primar-prosjektet som ikkje skal nyttast til kjøp av tenester og tilsvarande utgifter i Noreg. Denne valutakontoen vart sett i verk 1.1.2019. Budsjetttrammene for 2019 tek såleis utgangspunkt i at midlane i Primar som skal vidareformidlast til andre frå valutakontoen, blir rapporterte til statsrekneskapen berre som ein del av mellomverande med statskassa, og ikkje på inntekts- og utgiftskapittel. Budsjetttrammene vart justerte ned med 80 mill. kroner som vart stipulert å vere gjennomstrøymingsmidlar frå medlemslanda. Tilsvarande er 24,3 mill. kroner betaling for Kartverket si drift av ordninga, og ligg igjen som ei løyving på kap. 595, post 21 og som ei salsinntekt på kap. 3595, post 02.

Iran er eit av medlemslanda i Primar-samarbeidet. Kartverket har sidan 2015 hatt problem med å utbetale royalties til Iran. Vi har prøvd mange kanalar, men det ligg førebels ikkje føre noka løysing. Kartverket har derfor, etter førespurnad frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet, oppretta ein eigen valutakonto i US dollar for royalties frå Primar til Iran. Per 31.12.19 står det USD 1 408 970 (dvs. 12,3 mill. kroner med Noregs Bank valutakurs 31.12) på denne valutakontoen. Saldo på denne valutakontoen inkluderer USD 17 474 i renter som skal inn på ein sentral statskonto i Statsrekneskapen.

I 2019 hadde Kartverket ei samla tildelt utgiftsramme på om lag 1,36 mrd. kroner, og eit inntektskrav på 870 mill. kroner. Inkludert i utgiftsramma er også midlar til dekking av utgifter i samband med nytt jordobservatorium i Ny-Ålesund på Svalbard (post 30). På dei einskilde utgiftspostane hadde Kartverket i 2019 ein utnyttingsgrad på 99,4 % på driftsutgifter (post 01), 99,5 % på spesielle driftsutgifter (post 21) og 24,3 % på jordobservatoriet i Ny-Ålesund (post 30).

Mindreforbruket på post 30 på 40,2 mill. kroner har hovudårsak i forseinka leveransar frå NASA for SLR og to andre mindre leveransar til det nye jordobservatoriet i Ny-Ålesund. I tillegg kjem nokre mindre innsparingar.

På dei einskilde inntektspostane hadde Kartverket i 2019 eit innfridd inntektskrav på 103,7 % på gebyrinntekter tinglysing (post 01), 105,2 % på inntekter sal og abonnement (post 02) og 99,4 % på inntekter samfinansiering (post 03).

Kartverket spelte inn ein forventet auke i gebyrinntekter (post 01) på 8,6 mill. kroner i samband med nysalderinga, og inntektskravet vart justert opp tilsvarande. Aktiviteten i eigedomsmarknaden vart høgare enn forventet dei siste månadene i året, og gebyrinntektene auka i takt med talet på rettsstiftingar.

På inntekter frå sal og abonnement (post 02) og inntekter frå samfinansiering (post 03) har Kartverket meirinntektsfullmakt kopla opp mot postane 01 og 21 på utgiftssida. I 2019 hadde Kartverket meirinntekter på 8,828 mill. kroner på post 02 og mindreinntekter på 1,624 mill. kroner på post 03. Netto meirinntekter vart såleis 7,204 mill. kroner.

Kartverket krev også inn dokumentavgift og tinglysingsgebyr på vegner av staten. Inntektene her utgjorde høvesvis 10 301,2 mill. kroner og 440,6 mill. kroner. Investeringane i 2019 er på 97,6 mill. kr, ein auke på 39 mill. kroner frå 2018. Størst endring er det i

investeringar knytte til PC-ar, tenarar og skrivarar, med ein auke på 23 mill. kroner i 2019. Det er bytt to store lagringsløyseringar i 2019 attåt mange gamle tenarar og tapedevicerar. Vidare var det eit etterslep på utskifting av PC-ar og PC-utstyr frå 2018 og tidlegare år som er teke i 2019. Auken i anlegg under utføring er på 12,1 mill. kroner samanlikna med 2018 (1,3 mill. kroner). Den største investeringa knyter seg til sikringstiltak ved hovudkontoret i Hønefoss. I 2019 er det brukt 6,6 mill. kroner til investeringar knytte til Eigedomsportalen. Investeringa ligg førebels som immateriell eigedel under utføring i rekneskapen.

Revisjonsordning

Riksrevisjonen er ekstern revisor og stadfestar årsrekneskapen for Kartverket. Revisjonsmeldinga skal liggje føre innan 1. mai 2020.

Endra tilknytingsform

1.1.2017 endra Kartverket tilknytingsform frå forvaltningsbedrift til bruttobudsjettert forvaltningsorgan. Samtidig innførte Kartverket bruk av SRS – dei statlege rekneskapsstandardane. Kartverket fører rekneskapen etter to finansielle rammeverk;
1. Kontantrekneskap, etter krava for statsrekneskapen
2. Periodisert verksemdsrekneskap, i samsvar med SRS. Rekneskapen for 2019 viser samanlikningstal frå 2018.

Spesielle notekrav

Note D er utarbeidd for å svare ut rapporteringskrav i tildelingsbrevet. Kartverket er bedne om, i eigen note til årsmeldinga, å synleggjere kva del av utgiftene på kap. 595, postane 01 og 21 som er finansierte ved inntekter frå kap. 3595, postane 02 og 03. Spesifikasjonen inneheld konkrete lønskostnader og talet på årsverk.

Note C er utarbeidd spesielt for Kartverket for å gi eit bilete av samfinansierte prosjekt og innbetaling av forskot, og handlar om spesifikasjon av mellomverande med statskassa – kontant. For ytterlegare utgreiing – sjå prinsippnote til kontantrekneskapen.

Hønefoss, 13. mars 2020



Anne Cathrine Frøstrup
Kartverkssjef

Kontantrekneskapen

Prinsippnote til årsrekneskapen

Årsrekneskap er utarbeidd og avlagt etter nærmare retningslinjer fastsette i vilkår om økonomistyring i staten («vilkåra»). Årsrekneskapen er i høve til krav i vilkåra i punkt 3.4.1, nærmare vilkår i Finansdepartementet sitt rundskriv R-115 av 17. desember 2019 og tilleggskrav fastsette av overordna departement.

Oppstillinga av løyvingrapporteringa og artskonto-rapporteringa er utarbeidd med utgangspunkt i vilkåra i punkt 3.4.2 – dei grunnleggjande prinsippa for årsrekneskapen.

- Rekneskapen følger kalenderåret
- Rekneskapen inneheld alle rapporterte utgifter og inntekter for rekneskapsåret
- Utgifter og inntekter er førte i rekneskapen med brutto beløp
- Rekneskapen er utarbeidd i tråd med kontantprinsippet

Oppstillingane av løyving- og artskontorapportering er utarbeidd etter dei same prinsippa, men grupperte etter ulike kontoplanar. Prinsippa samsvarar med krav i vilkåra punkt 3.5 til korleis verksemdene skal rapportere til statsrekneskapen. Sumlinja «Netto rapportert til løyvingrekneskapen» er lik i begge oppstillingane.

Kartverket er knytt til staten si konsernkontoordning i Noregs Bank i høve til krav i vilkåra punkt 3.7.1. Bruttobudsjetterte verksemdar blir ikkje tilført likviditet gjennom året, men har ein trekkrett på konsernkontoen sin. Ved slutten på året blir saldoen på den einsskilde oppgjerskonto nullstilt ved overgang til nytt år.

Løyvingrapporteringa

Oppstillinga av løyvingrapporteringar omfattar ein øvre del med løyvingrapporteringa og ein nedre del som viser behaldningar verksemda står oppført med i kapitalrekneskapen. Løyvingrapporteringa viser rekneskapstal som Kartverket har rapportert til statsrekneskapen. Det stillast opp etter dei kapittel og postar i løyvingrekneskapen Kartverket har fullmakt til å disponere. Kolonnen samla tildeling viser kva Kartverket har fått stilt til disposisjon i tildelingsbrev for kvar statskonto (kapittel / post). Oppstillinga viser i tillegg alle finansielle egedelar og forpliktingar Kartverket står oppført med i staten sin kapitalrekneskap.

Mottekne fullmakter til å belaste ei anna verksemd sitt kapittel / post (belastningsfullmakter) visast i

kolonnen for samla tildeling og er omtalte i note B til løyvingoppstillinga. Utgiftene knytte til mottekne belastningsfullmakter er bokførte og rapporterte til statsrekneskapen, og viser seg i kolonnen for rekneskap. Kartverket har ikkje gjeve frå seg belastningsfullmakter i 2019.

Fullmakt utsett utgifts- og inntektsføring, samfinansiering

Kartverket har omfattande samarbeid med andre partar om finansiering og gjennomføring av prosjekt knytte til geografisk infrastruktur. Denne type prosjekt blir klassifisert som samfinansieringsprosjekt.

Av tildelingsbrevet til Kartverket for 2019 går det fram at samfinansierte prosjekt blir forstått som prosjekt der fleire partar går saman om sams finansiering av prosjekt knytte til geografisk infrastruktur. For å ta hand om rekneskapsmessige utfordringar knytte til partane si innbetaling av forskot i samfinansieringsprosjekt har Kartverket fått fullmakt til å føre innbetalingar av forskot i slike prosjekt på ein balansekonto knytt til mellomverande med statskassa. Inntektsføring skjer først når tilsvarande utgifter / kostnader blir utbetalte / tek til å gjelde. Dette prinsippet gjeld både i verksemdsrekneskapen og løyvingrekneskapen (kontantrekneskapen).

Note C er utarbeidd særleg for Kartverket for å gje eit bilete av dette, og handlar om spesifikasjon av mellomverande med statskassa – kontant.

Rapporteringskrav i tildelingsbrevet

Note D er utarbeidd for å svare ut rapporteringskrav i tildelingsbrevet. Kartverket er bedne om, i eigen note til årsmeldinga, å synleggjere kva del av utgiftene på kap. 0595, postane 01 og 21 som er finansierte ved inntekter frå kap. 3595, postane 02 og 03. Spesifikasjonen inneheld konkrete lønskostnader og talet på årsverk.

Artskontorapporteringa

Oppstillinga av artskontorapporteringa har ein øvre del som viser kva som er rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemdar og ein nedre del som viser egedelar og gjeld som inngår i mellomverande med statskassa. Artskontorapporteringa viser rekneskapstal Kartverket har rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemdar. Kartverket har ein trekkrett på konsernkonto i Noregs Bank. Tildelingane er ikkje inntektsførte og difor ikkje viste som inntekt i oppstillinga.

Oppstilling av løyvingrapportering, 31.12.2019

Tal i 1 000 kr

UTGIFTS- KAPITTEL	KAPITTELNAMN	POST	POSTTEKST	NOTE	SAMLA TILDELING	REKNESKAP 2019	MEIRUTGIFT (-) OG MINDRE- UTGIFT
0595	Statens kartverk	01	Driftsutgifter	A, B	912 170	906 643	5 527
0595	Statens kartverk	21	Spesielle driftsutgifter	A, B	397 145	395 069	2 076
0595	Statens kartverk	30	Geodesiobservatoriet i Ny-Ålesund	A, B	53 177	12 931	40 246
1410	Mareano	23	Spesielle driftsutgifter	B	57 870	26 110	31 760
0326	Språk-, litteratur- og bibliotekføremål	01	Driftutgifter	B	5 600	5 600	
0352	Kulturdepartementet	21	Universell utforming	B	900	625	
0352	Kulturdepartementet	71	Tilskot til kommunar og organisasjonar	B	1 100	1 001	
0500	Kommunal og moderniseringsdep.	21	Spesielle driftsutgifter	B	2 230	1 593	
0571	Rammetilskot til kommunar	21	Spesielle driftsutgifter	B	5 000	4 129	
1410	Klima- og Miljødep. Miljøforskning og miljøovervaking	21	Spesielle driftsutgifter	B	3 076	3 076	
0471	Erstatningsansvar	71	Erstatningar			89	
1633	Nettoordning, statleg betalt meirverdiavgift	01	Driftsutgifter			1 719	
Sum utgiftsført					1 438 268	1 358 585	

INN- TEKTS- KAPITTEL	KAPITTELNAMN	POST	POSTTEKST	NOTE	SAMLA TILDELING	REKNESKAP 2019	MEIRINNTEKT (-) OG MINDRE- INNTEKT
3595	Statens kartverk	01	Gebyrinntekter tinglysing	A, B	425 000	440 623	15 623
3595	Statens kartverk	02	Sal og abonnement	A, B	171 151	179 979	8 828
3595	Statens kartverk	03	Samfinansiering	A, B	273 495	271 871	-1 624
5565	Dokumentavgift	70	Dokumentavgift			10 301 206	
5700	Inntektene til folketrygda	72	Arbeidsgjevaravgift			73 348	
Sum inntektsført					869 646	11 267 027	
Netto rapportert til løyvingrekneskapen						-9 908 442	

KAPITALKONTOER			REKNESKAP 2019
60085401	Noregs Bank KK / innbetalingar		11 173 978
60085402	Noregs Bank KK / utbetalingar		-1 317 136
724080	Endring i mellomverande med statskassa		51 600
Sum rapportert			0

Behaldningar rapportert til kapitalrekneskapen (31.12)

KONTO	2019	2018	ENDRING
626005 Aksjar	14	14	0
724080 Mellomverande med statskassa	-114 083	-165 682	51 600

Tal i 1 000 kr

Note A

Forklaring av samla tildeling utgifter

KAPITTEL OG POST	OVERFØRT FRÅ I FJØR	ÅRETS TILDELINGAR	SAMLA TILDELING
0595.01*	45 701	866 469	912 170
0595.21	0	397 145	397 145
0595.30	47 577	5 600	53 177
3595.01	0	425 000	425 000
3595.02	0	171 151	171 151
3595.03	0	273 495	273 495

* Løyvinga er fråtrekt 2 mill kroner som blir disponert av Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Note B

Forklaring til brukte fullmakter og utrekning av mogleg overførbart beløp til neste år

KAPITTEL OG POST	STIKKORD	MEIRUTGIFT (-)/ MINDRE UTGIFT	UTGIFTSFØRT AV ANDRE I SAMSVAR MED AVGJEVNE BELASTNINGS- FULLMAKTER (-)	MEIRUTGIFT (-)/ MINDREUTGIFT ETTER AVGJEVNE BELASTNINGS- FULLMAKTER	MEIRINNTEKTER/ MINDREINNTEKTER (-) I SAMSVAR MED MEIRINNTEKTS- FULLMAKT**
595.01; 3595.02; 3595.03	«kan nyttast under kap. 595, post 21 og 45»	5 527	0	5 527	2 882
595.21; 3595.02; 3595.03	«kan overførast», «kan nyttast under kap. 595, post 01 og 45»	2 076	0	2 076	4 322
595.30	«kan overførast»	40 246	0	40 246	

FORTSETTELSE KAPITTEL OG POST	OMDISPONERING FRÅ POST 01 TIL 45 ELLER TIL POST 01/21 FRÅ NESTE ÅRS LØYVING	INNSPARINGAR (-)	SUM GRUNNLAG FOR OVERFØRING	MAKS. OVER- FØRBART BELØP*	MOGLEG OVER- FØRBART BELØP REKNA UT AV VERKSEMUDA
595.01; 3595.02; 3595.03	0	0	8 409	43 423	14 807
595.21; 3595.02; 3595.03	0	0	6 398	-	0
595.30	0	0	40 246	-	40 246

* Maksimalt beløp som kan overførast, er 5 % av løyvinga for i år på driftspost 01. Dei andre driftspostane kan overførast.

** Meirinntekter / mindreinntekter i samsvar med meirinntektsfullmakt er fordelt med 40/60 i samsvar med fordelt inntektskrav mot høvesvis p.post 595.01 og 595.21.

Mottekne budsjettfullmakter / belastningsfullmakter

Kartverket har fått følgjande budsjettfullmakter/belastningsfullmakter, og brukt følgjande beløp:

KAPITTEL / POST		SAMLET TILDELING	BENYTTET BELØP
326.21	Språk-, litteratur- og bibliotekføremål	5 600	5 600
352.21	Kulturdepartementet	900	625
352.71	Kulturdepartementet	1 100	1 001
500.21	Kommunal- og moderniseringsdepartementet	2 230	1 593
571.21	Rammetilskot til kommunar	5 000	4 129
1410.21	Klima- og miljødepartementet	3 076	3 076
1410.23	Klima- og miljødepartementet (Mareano)	57 870	26 110

Tildeling kapittel 326, post 21

Midla er gjevne av Kulturdepartementet til arbeid med å dekkje utgifter Statens kartverk har for å ta vare på forvaltningsoppgåver etter stadnamnlova, under dette å drifte og utvikle Sentralt stadnamnregister (SSR), syte for at SSR er oppdatert, tilgjengeleggjere opplysningar frå registeret, fastsetje skrivemåten av naturnamn og nedarva gards- og bruksnamn og skrivemåten av namn for andre statlege etatar dersom ikkje anna er bestemt i lov eller forskrift, og bruke riktige stadnamn på kart og nettsider og -applikasjonar.

Tildeling kapittel 352, post 21 og 71

I samband med overføring av likestillings- og diskrimineringsområdet frå Barne- og likestillingsdepartementet til Kulturdepartementet, vart midlane som Kartverket hadde til arbeidet med universell utforming på kapittel 872, overført til kapittel 352, utan at dette hadde noko å seie for føremålet midlane var tenkt brukte til. Midlane var i utgangspunktet gjevne på 71-post, men midlar som er brukte til anna enn tilskotsbetaling, er ført på 21-post i samsvar med føring i tildelinga.

Tildeling kapittel 500, post 21

Midlane er gjevne av Kommunal- og moderniseringsdepartementet til gjennomføring av kurs i forvaltning av planregister, oppfølging av tiltaksplan for forbetring av DOK, bistand i samband med planstandard, tilleggsutgreiing knytt til avviking av eigen målebåtkapasitet (overføring til anna reiarlagsdrift) og utvikling og vidareutvikling av løysingar for å tilgjengeleggjere og bestille data frå kystkartleggingsområde på ein betre måte (nytt oppdrag 13).

Tildeling kapittel 571, post 21

Midlane er gjevne frå rammetilskot til kommunar og skal nyttast til å gjennomføre oppdrag 8 - vareta

rolla som teknisk koordinator av statlege etatar om IKT-spørsmål i kommune- og regionreforma, og gje fagleg støtte for kommunane i samband med endringar av kommunenummer og adressering som følgje av kommune- og regionreforma.

Tildeling kapittel 1410, post 21

Midlane er gjevne av Klima- og miljødepartementet til utføring av nasjonal detaljert høgdemodell.

Tildeling kapittel 1410, post 23

Midlane er gjevne av Klima- og miljødepartementet til gjennomføring av aktivitetar i MAREANO-programmet i tråd med aktivitetsplanen for programmet for 2019. Dette er ei årleg budsjettfullmakt / belastningsfullmakt for Kartverket som gjev høve for overføring av ubrukte midlar til neste budsjettår.

Stikkordet «kan overførast»

Løyvinga til Kartverket på kapittel / post 595.21, 595.30 og 595.45 er gjevne med stikkordet «kan overførast». Beløpet stammar frå tildelingar gjevne innanfor dei to siste budsjettåra og beløpet inngår som ein del av mogleg beløp som kan overførast til neste budsjettår.

Stikkordet «kan nyttast under»

Løyvinga til Kartverket på kapittel / post 595.01 og 595.21 er gjeven med stikkordet «kan nyttast under». Dette gjev Kartverket høve til å bruke løyving gjeven på kap. 595, post 01, også under post 21 og 45, og tilsvarande for kap. 595, post 21, som kan brukast under post 01 og 45. Det er ein føresetnad at det er samsvar mellom innsparing på ein post og meirforbruk på ein annan post.

Avgjevne belastningsfullmakter

Kartverket har ikkje avgjeve nokon belastningsfullmakter i 2019.

Kartverket er tildelt følgende fullmakter for 2019:

Romartalsvedtak VI – Meirinntektsfullmakter (jf. Innst. 16 S (2018-2019) vedteken 14.12.2018) Fullmakt til å overskride driftsløyvinga

Kartverket kan overskride driftsløyvinga under kap. 595, post 01 mot tilsvarende meirinntekter på kap. 3595, postane 02 og 03.

Kartverket kan overskride driftsløyvinga under kap. 595, post 21 mot tilsvarende meirinntekter på kap. 3595, postane 02 og 03.

Kartverket kan overskride driftsløyvinga under kap. 595, post 45 mot tilsvarende meirinntekter på kap. 3595, post 04.

Romartalsvedtak IX – Bestillingsfullmakter (jf. Innst. 16 S (2018-2019) vedteken 14.12.2018) Bestillingsfullmakt

Kartverket kan gjere bestillingar av kartgrunnlag utover gjeven løyving på kap. 595, post 21, men ramma av nye bestillingar og gammalt ansvar kan ikkje overstige MNOK 120.

Jordobservatoriet i Ny-Ålesund (jf. Romartalsvedtak IX) Bestillingsfullmakt

Kartverket kan pådra staten forpliktingar utover budsjettåret på kap. 595, post 30 for å gjennomføre prosjektet innanfor styringsramma til Kartverket (P50). Jf. Prop. 1 S Tillegg 1 (2013–2014), endring av Prop. 1 S (2013–2014) Statsbudsjettet 2014.

Romartalsvedtak VIII - Samfinansiering (jf. Innst. 16 S (2018-2019) vedteken 14.12.2018)

Kartverket er gjeve fullmakt til å setje i gang samfinansieringsprosjekt før finansieringa som heilskap er betalt inn til Kartverket, føresett at det er inngått ein bindande avtale med tilstrekkeleg tryggleik om innbetaling mellom partane. Fullmakta er avgrensa til MNOK 90 og gjeld utgifter førte på kap. 595, post 21 mot inntekter førte på kap. 3595, post 03.

Romartalsvedtak VII - Utsett utgifts- og inntektsføring (jf. Innst. 16 S (2018-2019) vedteken 14.12.2018)

Innbetalinger i samfinansieringsprosjekt

Kartverket har fullmakt til å plassere innbetalinger motteke frå samfinansierte prosjekt på mellomverande med statskassa fram til dei tilhøyrande utgiftene i prosjektet kjem til utbetaling. Først på utbetalingstidspunktet for utgifta, skal inntekt og utgift rapportert til statsrekneskapen.

Fullmakter etter R-110

Kartverket har fullmakt til å inngå leigeavtalar og avtalar om kjøp av tenester utover budsjettåret i høve til vilkår i R-110, pkt 2.3.

Mogleg beløp som kan overførast

Kartverket har mindreutgifter på kap./post 595.01 med 5.527 mill. kroner og på kap./post 595.21 med 2,076 mill. kroner i 2019. Samtidig har vi ei meirinntekt på kap.post 3595.02 med 8,828 mill. kroner og ei mindreinntekt på kap.post 3595.03 med 1,624 mill. kroner. Netto mindreforbruk/ meir-/mindreinntekt på kap.postane nemnde over, blir då 14,807 mill. kroner. Beløpet inngår i utrekninga av beløp som er mogleg å overføre til neste år.

Beløpet som står på kapittel/post 595.30 kan overførast som heilskap då stikkordet “kan overførast” er knytt til kapittel/posten. Beløpet inngår i utrekninga av mogleg overførbart beløp til neste år.

Moglege overføringar til neste år er ei utrekning, og Kartverket får tilbakemelding frå overordna departement om dei endelege beløpa som kan overførast til neste år.

Note C

Spesifikasjon av mellomverande med statskassa - kontakt


Tal i 1 000 kr

ORDINÆRE MELLOMVERANDEPOSTAR	31.12.2019	31.12.2018
Andre fordringar	105	192
Bankinnskot og kontantar	30 888	902
Skyldige skattetrekk	-21 919	-22 179
Skuldige offentlege avgifter	-3 151	-3 540
Bankkontoar i valuta (utanfor konsernkontoordninga)	-30 888	-902
Anna kortsiktig gjeld	-1 663	-5 745
Sum ordinære mellomverande postar	-26 627	-31 272

KARTVERKET SINE SPEIELLE POSTAR PÅ MELLOMVERANDE	KONTO	31.12.2019	31.12.2018	ESTIMERT UT BETALINGS-TIDSPUNKT
Motteken forskotsbetaling				
Forskotsbetaling UD	2900	-270	-6 391	Prosjekt i internasjonal teneste
Forskotsbetaling samfinansiering	2902	-87 186	-128 019	I takt med utgiftsføring
Anna kortsiktig gjeld				
Periodeforskyving prinsippending (post 30 og Mareano)	2991	-	-	
Sum spesielle postar		-87 456	-134 410	
Sum kontant mellomverande	1980	-114 083	-165 682	

Spesifikasjoner spesielle poster

SAMFINANSIERINGSPROSJEKT BUDSJETTERT PÅ POST 03	KONTO	INNBETALT (I BANK) FORSKOT PER 1.1.2019	NETTO RØRSLE I PERIODEN	SUM INNSTÅANDE PÅ MELLOMVERANDE
Geovekst vedlikehald	2902	-7 586	273	-7 314
Geovekst etablering	2902	-48 031	7 708	-40 324
Høgdemodell	2902	-17 623	17 485	-137
Noreg digitalt	2902	-20 724	-1 838	-22 562
Omløpsfotografering	2902	-3 771	1 079	-2 692
Interkommunalt geodatasamarbeid	2902	-5 437	-1 264	-6 701
Diverse prosjekt	2902	-4 180	1 844	-2 335
Primar	2902	-14 384	9 263	-5 121
Mareano	2902	-6 283	6 283	0
Sum forskot samfinansieringsprosjekt		-128 019	40 834	-87 186



Note D

Spesifikasjon av delen utgifter på kap. 595, postane 01 og 21 som er finansiert ved inntekter frå kap. 3595, postane 02 og 03

Noten er utarbeidd for å svare ut rapporteringskrav i tildelingsbrevet. Kartverket er bedne om, i eigen note til årsmeldinga, å synleggjere kva del av utgifter på

kap. 595, postane 01 og 21 som er finansierte ved inntekter frå kap. 3595, postane 02 og 03. Spesifikasjonen inneheld konkrete lønsutgifter og talet på årsverk.

Tal i 1 000 kr

	2019		2018	
	BELØP	TALET PÅ ÅRSVERK	BELØP	TALET PÅ ÅRSVERK
Delen løn finansiert av inntekter frå kap/post 3595/02 *	32 915	41,6	34 135	42,8
Delen løn finansiert av inntekter frå kap/post 3595/03 *	24 349	31,6	22 631	29,0
Delen av andre utgifter på post 01 finansiert av kap/post 3595/02	20 322 **		13 186	
Delen av andre utgifter på post 01 finansiert av kap/post 3595/03	2 934		1 475	
Delen av andre utgifter på post 21 finansiert av kap/post 3595/02	79 188 ***		31 433	
Delen av andre utgifter på post 21 finansiert av kap/post 3595/03	243 857 ****		293 909	

* Løn er inkludert sosiale utgifter (aga, pensjon og feriepengar). Det er ingen monaleg endring frå 2018 i beløp, eller talet på årsverk finansierte ved inntekter frå kap.post 3595.02 eller 3595.03.

** Delen av utgifter på kap.post 595.01 som er finansiert av inntekter frå kap.post 3595.02 er dobla frå 2018. Dette har samanheng med auka sal av norske ENC-ar (Sjø).

*** Auken på 48 mill. kroner må ein sjå i samanheng med auka aktivitet i Internasjonal teneste med om lag 20 mill. kroner og overgangen til valutakonto i Primar (Sjø). Inntekter knytte til Primar VAR vart tidlegare behandla som samfinansiering, men er frå 2019 definert som salsinntekt.

**** Inntekter på kap.post 3595.03 finansierer utgifter, i all hovudsak, på kap.post 595.21. Nedgangen i utgifter på kap.post 595.21 finansiert av inntekter frå kap.post 3595.03 er på om lag 50 mill. kroner samanlikna med fjoråret. I 2018 var 110,2 mill. kroner av totalt 293,9 mill. kroner knytt til Primar (Sjø), der inntekter og utgifter følgjer kvarandre. I 2019 har Kartverket teke i bruk valutakonto i USD utanfor statens konsernkontoordning. Denne blir nytta til inn- og utbetalingar ved sal av ENC-ar og utbetaling av royalties til medlemslanda (RENC-en), og blir ikkje ført i rekneskapa for Kartverket. Det er berre 27 mill. kroner (oppgjør 2018) som er ført på kap.post 3595.03 i 2019. Samtidig har Landdivisjonen hatt ein auke på nesten 25 mill. kroner. I all hovudsak har dette samanheng med auka aktivitet i prosjektet Nasjonal detaljert høgdemodell og omløpsfotografering.

Oppstilling av artskontorrapporteringa 31.12.2019

Tal i 1 000 kr

	31.12.2019	31.12.2018
Driftsinntekter rapportert til løyvingrekneskapa		
Innbetalningar frå gebyr	440 623	419 216
Innbetalningar frå tilskot og overføringar	450	200
Sals- og leigeinnbetalningar	451 580	432 054
Andre innbetalningar	0	0
Sum innbetalningar frå drift	892 653	851 470
Driftsutgifter rapportert til løyvingrekneskapa		
Utbetalningar til løn	616 616	603 870
Andre utbetalingar til drift	641 646	646 916
Sum utbetalingar til drift	1 258 263	1 250 786
Netto rapporterte driftsutgifter	365 610	399 316
Investerings- og finansinntekter rapporterte til løyvingrekneskapa		
Innbetaling av finansinntekter	146	1 706
Sum investerings- og finansinntekter	146	1 706
Investerings- og finansutgifter rapportert til løyvingrekneskapa		
Utbetaling til investeringar	97 552	58 514
Utbetaling til kjøp av aksjar	0	0
Utbetaling av finansutgifter	376	1 018
Sum investerings- og finansutgifter	97 929	59 532
Netto rapporterte investerings- og finansutgifter	97 783	57 826
Innkravjingsverksemd og andre overføringar til staten		
Innbetaling av skattar, avgifter, gebyr m.m.	10 301 206	9 466 784
Sum innkravjingsverksemd og andre overføringar til staten	10 301 206	9 466 784
Tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten		
Utbetaling av tilskot og stønader	-1 001	-1 023
Sum tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten	1 001	1 023
Inntekter og utgifter rapporterte på felleskapittel		
Gruppelivsforsikring konto 1985 (ref. kap. 5309, inntekt)	0	0
Arbeidsgjevaravgift konto 1986 (ref. kap. 5700, inntekt)	-73 348	-74 187
Nettoføringsordning for meirverdiavgift konto 1987 (ref. kap. 1633, utgift)	1 719	919
Netto rapporterte utgifter på felleskapittel	-71 629	-73 268
Netto rapportert til løyvingrekneskapa	-9 908 442	-9 081 887
Oversikt over mellomverande med statskassa		
Eigedelar og gjeld		
Fordringar	106	192
Kontantar	0	0
Bankkontoar (valuta) med statlege midlar utanfor Noregs Bank *	30 888	902
Skuldige skattetrekk og andre trekk	-21 919	-22 179
Skuldige offentlege avgifter	-3 151	-3 540
Motteken forskotsbetaling	-87 456	-134 410
Bankkontoar (valuta) med statlege midlar utanfor Noregs Bank (motkonto)	-30 888	-902
Anna kortsiktig gjeld	-1 663	-5 745
Sum mellomverande med statskassa	-114 083	-165 682

* Beløpet knytt seg til gjeld til medlemslanda i Primarsamarbeidet, som ikkje er ein del av Kartverket sitt rekneskap. Rekneskapslinja må sjåast i samanheng med rekneskapslinja «Bankkontoar (valuta) med statlege midlar utanfor Noregs Bank», 30,888 mill. kroner, som ikkje inngår i statens konsernkontoordning.

Verksemdrekneskapen

Rekneskapsprinsipp for verksemdrekneskapen avlagt i samsvar med dei statlege rekneskapsstandardane (SRS)

Kartverket innførte frå 2017 bruk av dei statlege rekneskapsstandardane for verksemdrekneskapen sin. Resultatrekneskapen for 2019, og tilhøyrande notar, inneheld samanlikningstal for 2018.

Verksemdrekneskapen er sett opp i samsvar med dei statlege rekneskapsstandardane (SRS) av desember 2018. Kartverket har ikkje teke i bruk oppdaterte SRS 1 Presentasjon av verksemdrekneskapen og SRS 10 Inntekt frå løyvingar, tilskot og overføringar, og overføringar til og frå staten. Dette inneber at Kartverket presenterer årsrekneskapen for 2019 etter standardane slik dei låg føre før oppdatering. Rekneskapslinja Statens finansiering av immaterielle eigedelar og varige driftsmiddel blir derfor framleis vist i balansen og presentasjon av inntekt frå løyving i note er lik fjoråret.

Transaksjonsbaserte inntekter

Transaksjonar blir resultatførte til verdien av vederlaget på transaksjonstidspunktet. Inntekt blir resultatført når ho er opptent. Inntektsføring ved sal av varer skjer på leveringstidspunktet der overføring av risiko og kontroll er overført til kjøpar. Sal av tenester blir inntektsført i takt med utføringa.

Inntekter frå løyvingar og inntekt frå tilskot og overføringar

Inntekt frå løyvingar og inntekt frå tilskot og overføringar blir resultatførte i den perioden då aktivitetane som inntektene er føresette å finansiere er utførte,

det vil seie i den perioden kostnadene tek til å gjelde (motsatt samanstilling).

Den delen av inntekt frå løyvingar og tilsvarande som blir brukte til anskaffing av immaterielle eigedelar og varige driftsmiddel som blir balanseført, blir ikkje inntektsført på anskaffingstidspunktet, men avsett i balansen på rekneskapslinja staten si finansiering av immaterielle eigedelar og varige driftsmiddel.

I takt med kostnadsføringa av avskrivingar av immatrielle eigedelar og varige driftsmiddel inntektsførast eit tilsvarande beløp frå avsetninga staten si finansiering av immatrielle eigedelar og varige driftsmiddel. Inntektsføringa frå perioden frå avsetninga resultatførast som inntekt frå løyvingar. Dette gjer at kostnadsførte avskrivingar inngår i verksemda sine driftskostnader utan å få resultatteffekt.

Kartverket krev inn dokumentavgift på vegner av staten. Dette inngår ikkje i driftsresultatet til Kartverket.

Kostnader

Kostnader som gjeld transaksjonsbaserte inntekter, blir kostnadsførte i same periode som tilhøyrande inntekt.

Kostnader som blir finansierte med inntekt frå løyving og inntekt frå tilskot og overføringar, blir kostnadsførte i takt med at aktivitetane er gjennomførte og ressursane er forbrukte.

Pensjonar

SRS 25 Ytingar til tilsette legg til grunn ei forenkla rekneskapsmessig tilnærming til pensjonar. Statlege verksemdar skal ikkje balanseføre netto pensjonsforpliktingar for ordningar til Statens pensjonskasse (SPK). Det er følgjeleg ikkje gjort utrekning eller avsetning for eventuell over-/underdekning i pensjonsordninga som svarer til NRS 6.

Verksemda resultatfører arbeidsgjevandel av pensjonspremien som pensjonskostnad. Pensjon blir kostnadsført som om pensjonsordninga i SPK var basert på ein innskotsplan.

Leigeavtalar

Verksemda har nytta forenkla metode i SRS 13 om leigeavtalar og klassifiserer alle leigeavtalar som operasjonelle leigeavtalar.

Klassifisering og vurdering av anleggsmiddel

Anleggsmiddel består av immaterielle eigedelar og varige driftsmiddel. Anleggsmiddel er varige og monalege eigedelar som verksemda disponerer. Med varige eigedelar meiner vi eigedelar med utnyttbar levetid på 3 år eller meir. Med monalege eigedelar forstå vi eigedelar med anskaffingskost på kr 30 000 eller meir. Anleggsmiddel er balanseførte til anskaffingskost fråtrekt avskrivingar.

Kontorinventar og datamaskiner (PC-ar, serverar m.m.) med utnyttbar levetid på 3 år eller meir er balanseførte som egne grupper.

Immaterielle eigedelar som gjeld programvarelisensar og eigenutvikla programvare med utnyttbar levetid over 3 år er balanseførte som eiga gruppe. Kjøp av bistand til utvikling av programvare er balanseført. Utgifter som gjeld bruk av egne tilsette knytt til applikasjonsutviklingsfasen ved utvikling av programvare, er ikkje balanseført.

